jostedal kyrkje

Fakta, segn og soge gjennom 350 år

Kåre Øvregard, Asbjørg Ormberg &
Oddmund Løkensgard Hoel

skald 2010

Innhald

Føreord 7
preface 9

I Helsingar 11

II Du gamle soge som støtt er ny 21
II "Old stories are always new" 25

III Den fyrste kyrkjeskipnaden i Jostedalen 27
III The first church organization in Jostedalen 41

iv Jostedal kyrkje: Ny kunnskap om gamalt bygg 43
IV New knowledge about an old structure 53

V Utbetringar og påbyggingar 55
V Renovations and additions to the church building 67

VI Eigarane av Jostedal kyrkje 69
VI The owners of the Jostedal church 71

VII Kyrkja og skulen 75
VII The church and the school 81

viii Inventaret i kyrkja 83
viii In the church 113

IX Kyrkjelege tenester og aktivitetar 117
IX Religious services and activities 163

X Det ringaste prestekallet i landet 169
X The most miserable incumbency in the country 191

XI Jostedal prestegard 193

XII Dei tilsette i kyrkja 215
XII The church employees 231

Tekstar 233

Notar kap. x & xi 239

Kjelder og litteratur 241

Biletliste 245

X

Det ringaste prestekallet i landet

Av Oddmund Løkensgard Hoel

Mange har nok eit bilete av at prestar i gamle dagar levde høgt heva over allmugen i ein fellesskap med andre embetsmenn og storfolk. Det er lett å bli slegen av avgrunnen som skilde prestefamiliane frå vanlege folk når det galdt levekår og status.

Slik var det dei fleste stader, men i soga til Jostedalen er det på langt nær heile biletet. Dette har opp gjennom hundreåra vore ei fattig bygd med marginale vilkår for jordbruksdrift, få innbyggjarar og vanskeleg samband til grannebygdene. Dette sette òg sine tydelege spor i levekåra til presten og prestefamilien. «Præstekallet kand regnes for det allerbesværligste og ringeste udi Riiget, baade i henseende til den farlige lisbred, saa og til Præstens Indkomster, som icke skal beløbe sig til meere end 70 Rixdaler Aarligen», oppsummerte stiftsamtmann Jonas Lym i eit brev til kongens folk i København i 1743.[1] Eit oversyn frå 1846 etterlet ingen tvil: Jostedalen var det prestekallet i heile Noreg med lågast presteløn.

Kvifor vart Jostedalen eit eige prestegjeld? Korleis greidde bygda i det heile å halde seg med eigen prest? Kva materielle tilhøve levde presten og huslyden hans under i Prestegarden? Dette er heilt sentrale spørsmål i kyrkjesoga for Jostedalen, og slik vert òg soga om presten, prestekallet og Prestegarden ein inngang til kunnskap om dei vilkåra som jostedøler flest levde under.

Prestegard og embetsinntekt

Når presten vart utnemnd til eit prestekall, fekk han i dei aller fleste prestegjeld på bygdene òg hand om ein heil gard med bygningar, innmark, utmark, buskap og husmannsplassar. At det var rimeleg å tilby ein prest som kom til ei bygd ein tenestebustad nær kyrkja, har vel dei fleste lett for å skjøne – slik er det då òg framleis. Men kvifor skulle presten få tilgjenge til ein heil gard, jamvel ein storgard? Endå mindre opplagt vert dette når me veit at staten (kongemakta) gjennom 16- og 1700-talet avhenda store mengder fast eigedom, ikkje minst det meste av godset som tidlegare hadde høyrt til den katolske kyrkja og som kongen la under seg med reformasjonen (1536/37). I 1720-åra vart jamvel jostedalskyrkja og dei fleste andre bygdekyrkjene i Sør-Noreg selde til private. Kvifor let staten då vere å selje prestegardane, som kunne gjeve monalege inntekter i ei tom statskasse?

Svaret på dette er at prestegardane var ein del av avløningssystemet for sokneprestane.[2] For statsmakta var det praktisk at prestane kunne hente ein del av inntekta si direkte frå gardsdrifta. Alternativet hadde vore at staten måtte yte tilsvarande i pengar eller varer om presteløna ikkje skulle gå ned.

Kongemakta hadde all interesse av at prestane hadde eit godt inntektsgrunnlag og ein sterk autoritet i bygdesamfunna dei levde i. Fram til reformasjonen utgjorde kyrkja eit

Prestefamilien Anton Hansen (1876-1883).

sjølvstendig system i høve til kongemakta. Etter reformasjonen, og særleg utover på 16- og 1700-talet, var kongemakta oppteken av å auke statusen til prestane. Dette hang mykje saman med at prestane ikkje lenger berre hadde religiøse oppgåver, men i stadig sterkare grad òg vart embetsmenn som utførte administrative oppgåver for dei verdslege statsmaktene. Prestane førte dåtidas folkeregister (kyrkjebøkene), og me finn dei gjerne som sjølvskrivne leiarar då fattigkommisjonar, skulekommisjonar, bygdekommisjonar, bygdemagasin, leseselskap og andre lokale styringsorgan og tiltak vart skipa frå midten av 1700-talet. Presten var like mykje kongens som Guds mann i bygda – med Gudmund Sandviks ord vart han «statstenar».[3]

Staten hadde likevel ingen utgiftspost som heitte presteløn. Prestegardane gjekk inn i eit lønssystem der prestane henta alle inntekter lokalt. Staten avgrensa seg til å gje presten rettsleg grunnlag for å krevje inn lokale inntekter, og så var det opp til presten sjølv å stå for innkrevjinga. Dette systemet med embetsinntekt er fjernt frå dagens statlege lønsregulativ, men stod i prinsippet ved lag heilt til 1957, dei siste tiåra rett nok modernisert og utvatna.[4] For å skjøne den økonomiske rolla til prestegarden, må me difor ta ein kikk på dette systemet.

Presten hadde for det fyrste dei visse og uvisse inntektene. Dei visse (faste) inntektene var ymse skattar og avgifter frå allmugen som var dei same frå år til år. Viktigast var tienda, som har røter i mellomalderen (1100-talet).[5] Tienda var opphavleg ei avgift som bøndene betalte til kyrkja, tilsvarande ein tidel av årsproduksjonen på garden. Etter reformasjonen vart tienda delt i tre: ein del gjekk til biskopen, ein del til kyrkja i bygda og ein del til soknepresten. Tienda gjekk etter kvart over frå å vere ei avgift på årsproduksjonen til ei fast avgift på grunneigedom som mot slutten skulle betalast i pengar, ikkje varer. Kyrkje- og kongetienda vart avskaffa i 1918 medan prestetienda faktisk stod ved lag til 1939. Tienda var den største visse inntekta – andre typar var landskyld og ymse jordavgifter frå gods (gardar) som prestembetet åtte. I Jostedalen låg det ikkje gods til prestekallet. Ei anna viktig viss inntekt var offerskjeppa eller offermæla, som tilliks med tienda var ei årleg avgift bøndene betalte til presten.

Dei uvisse inntektene kunne variere frå år til år og var hovudsakleg det me i dag kan kalle brukarbetaling for prestetenester. Allmugen betalte mellom anna for embetshandlingar som vigsler, barnedåp, konfirmasjon, innviing av barselkvinner og jamvel likpreike og jordpåkasting, og for attestar som presten skreiv ut.

Jostedalen jamført med andre prestekall (1846)

Systemet med embetsinntekt gjorde at ingen prestar i landet hadde same løna og at skilnaden på feite og ringe prestekall kunne vere temmeleg stor. Fordelinga av dei ulike inntektspostane kunne variere mykje, og det var vanskeleg både for staten og dei embetssøkjande teologane å vite kor mykje eit prestekall kasta av seg. Utover på 1800-talet vart det difor laga fleire samla oversyn over inntektene til alle prestekall i landet. Dette er gode kjelder når ein skal jamføre Jostedalen med andre prestekall.

I 1846 kom utgreiinga frå ein kongeleg kommisjon som hadde greidd ut eit nytt lønssystem for geistlege embetsmenn.[6] Her finn me detaljerte oversyn over inntektene i alle prestekall i landet, både soknepresteembete og

Eit av dei eldste bileta av kyrkja, frå rundt 1890.

residerande kapellani. Og me kan trygt slå fast at Jostedalen kom dårleg ut. Summen av dei visse og uvisse inntektene for sokneprestembetet i Jostedalen vert oppgjeve til 237 spesidalar attåt 20–30 spd i overskot frå prestegarden. Det kan nemnast at biskop Jacob Neumann i Bergen tente 2597 spd, utan at det er den mest interessante jamføringa her.

Av oversynet går det utvitydig fram at Jostedalen var det sokneprestembetet i heile landet som kasta minst av seg. På dei to neste botnplassane finn ein prestane på Værøy og Røst i Lofoten (254 spd) og presten på Nesodden (281 spd), men han hadde ein prestegard som gav 130 spd i overskot. På Austlandet og Agder greier me å spore opp fire residerande kapellanar som tente dårlegare enn jostedalspresten. I heile Bergens stift finn me derimot ingen kapellanar med så låg løn – nærast kom kapellanen i Balestrand (300 spd), som den gongen låg under Leikanger sokneprestembete.

Ser me på grannebygdene, var presteinntekta i Luster prestegjeld 620 spd og i Hafslo heile 756 spd attåt eit overskot frå prestegarden på 150 spd. Samla tente altså hafslopresten tre gonger så mykje som jostedalspresten, presten i Luster over dobbelt så mykje.

Jostedalen, Hafslo og Luster (1870)

I 1870 kom eit nytt og meir detaljert oversyn over inntektene i prestekalla, no i ei handbok som skulle vere til hjelp for embetssøkjarar.[7] Det gamle inntektssystemet stod framleis i all hovudsak ved lag, og alle inntekter, også varer og tenester, er som i 1846–oversynet omrekna til pengar (spesidalar). Dette kan me nytte til å setje opp eit meir detaljert oversyn over inntektene til jostedalspresten, og me skal jamføre nærare med Hafslo og Luster. Så skal me sjå nærare på nokre endringar sidan 1846.

Inntektene for prestekallet i Jostedalen kan setjast opp slik:

inntekter til jostedal prestekall 1870

inntektstype	spesidalar
Tiend	64
10 skyssløyve	6
Ungdomsoffer og husmannspengar	22
Offerskjeppe	21
Betaling for lys	1
Betaling for brurevigsler	25
Betaling for barnedåp og barselkoner si innleiing i kyrkja	14
Betaling for jordpåkasting	8
Betaling frå konfirmantar	10
Betaling for attestar	3
SUM visse og uvisse inntekter	177
Lønningstilskot frå Opplysningsvesenets Fond	240
Tilskot frå ulike kyrkjer i Sogn	53
SUM tilskot	293
Overskot frå gardsdrifta på prestegarden ('i gode Aar')	80-100
SUM årlege inntekter til prestekallet	550-570

Kjelde: Boeck 1870, s. 417f.

inntekter

(årleg) i prestekalla 1870



visse og uvisse inntekter

(årleg) i prestekalla per innbyggjar



Når me set opp kallsinntektene i ein fugur, blir det enklare å jamføre Jostedalen med dei langt større prestegjelda Luster og Hafslo.

Her ser ein for det fyrste at prestegardsinntektene ikkje var så småe i Jostedalen som ein kanskje kunne tru ut ifrå dei karrige vilkåra for jordbruksdrift. I Jostedalen gav prestegarden eit overskot på 80–100 spd i gode år, mot 20–30 spd i 1846. I Dale i Luster gav prestegarden 111 spd, men på Hafslo berre 31 spd (inkludert avgift frå husmannsplassar). Dessutan var prestegardsinntektene langt viktigare i Jostedalen enn i andre prestekall. I Jostedalen utgjorde overskotet frå prestegarden 15 prosent av presteinntekta, i Luster 13 prosent og på Hafslo berre 5 prosent.

Dei visse og uvisse inntektene var derimot langt mindre i Jostedalen med sine 885 innbyggjarar (1865) mot Luster med 4057 og Hafslo med 3265 innbyggjarar. I det nemnde oversynet les me om Jostedalen at på grunn av «Vedkommendes Fattigdom» har fleire sloppe å betale for barnedåp, jordpåkasting og konfirmasjon. Noko slikt er ikkje nemnt under Luster og Hafslo, sjølv om det òg fanst fattige der.

Då skulle ein vel helst tru at dei visse og uvisse inntektene var lågare per innbyggjar i Jostedalen enn i dei mindre fattigslege grannebygdene. Men nei – i Jostedalen utgjorde dei visse og uvisse inntektene 0,20 spd per innbyggjar, på Hafslo 0,19 og i Luster 0,17 spd. Dette kan knapt forklarast annleis enn at presten i Jostedalen meir effektivt enn i grannebygdene greidde å drive inn skattar og avgifter. Grunnen var kanskje at inntektsgrunnlaget for presteembetet allment var dårlegare her, så presten var meir avhengig av det han kunne få inn.

To løysingar: samanslåing eller støtte utanfrå

Då nærmar me oss det mest påfallande i jamføringa med Luster og Hafslo i 1870. Medan dei to andre prestekalla heilt og fullt var sjølvfinansierte, var Jostedalen avhengig av tilskot utanfrå som utgjorde over halvparten av dei samla årlege inntektene til presteembetet. Og trass i dette var jostedalspresten sine samla inntekter monaleg lågare enn for standsbrørne i grannebygdene.

Dei dårlege økonomiske vilkåra for presten er ei av hovudsakene i kyrkjesoga for Jostedalen heilt frå 1500-talet og opp mot vår tid. Bygda hadde for lite folk til at det danna eit tilfredstillande inntektsgrunnlag for presten, og det vart ikkje betre av at innbyggjarane i Jostedalen jamt over må ha vore fattigare enn i

Kjelde: Boeck 1870, s. 417 f.



Jostedal kyrkje og prestegard ca. 1890. Teikning (etter foto) av Alfred Espe, Jostedal.

grannebygdene. Jostedalen vart dessutan særleg hardt råka av klimaforverringa som utover på 16- og 1700-talet førte til både sterk brevekst, flaumar og uår.

Me skal no ta eit raskt tilbakeblikk på korleis presten sine økonomiske problem har arta seg og korleis styresmaktene freista løyse dei. Det fanst grovt sett to løysingar på problemet, og båe vart prøvde. Anten kunne Jostedalen vere eit sokn i eit større prestegjeld, altså utan eigen prest, slik at det var fleire til å dele på presten og presteutgiftene, eller så laut prestekallet i Jostedalen få auka inntektene på anna vis.

Den fyrste skriftlege kjelda om Jostedalen etter svartedauden og øydetida, er skattelista frå 1596 som fortel kva presten og kyrkja skulle ha i inntekter frå 25 namngjevne bønder.[8] Her var ein framleis ikkje komen i orden med kyrkje og prest. Det står på 1500-talsdansk at «jngen wissze jndkompst endnu aff Kongelig Mayestet er forordnit eller thill laugt anthen kircken eller presten». At ein ikkje hadde visse inntekter, vil seie at presten og kyrkja i Jostedalen ikkje eingong hadde rett til å krevje inn tiend. Presten og kyrkja hadde heller ikkje andre typar visse inntekter. I Bergens kalvskinn, jordeboka frå 1310–50, finn me at kyrkja og presten i Jostedalen hadde inntekter frå fire gardar.

Thisse Efterschreffuenne Bönder.

Ligger under Jöstedals Capell som er en Sededall Nyligen optagen Liggendis 3 eller 4 store Mile Weigs op till Fieldz och giffer Chris Sogneprest Aarligen til sin Under-holding aff Chris egitt ephrej Ther ellers Ingen Wisse Indkompst Endnu aff Kong Maijt er forordnit Eller Thill Laugt Anchen Kirchen eller presten samme-stedz som efferfölger.

Anders Mycklemyre — j wog ost.
Olluff Ned Mycklemyr — ij giedschind,
Olluff Aarebo — ij giedschind,
Einar paa Faas — iiij meler korn.
Ragnild i Aas — iiij meler korn.
Jorn offer sbroen — ij giedschindt.
Mariche i Leien — j wog Ost.
Selbiörn N — ij giedschinde
Laurid i Krigen — j faar.
Paull ibid — j faar.
Elling paa Kiepper — j faar.
Johans paa Espe — xviij mer.
— j pund Ost.
Enken paa Fladejordt
— j pund Oste.

Jnner Kronen — xviij mrt smör.
— j pund Oste.
Johans Log ibid — j faar
Lasse Kronedall — j wog Oste.
Helge ibid — j wog Oste.
Endre ibid — j lb smör.
Christoffer ibid — ij giedschinde,
Olluff Schomager — ij giedschinde,
Las Mielner — xviij mrt smör
— j pund Oste.
Anders ibid — xviij mrt smör
— j pund Oste.
Hans i Lyde — ij giedschinde,
Povell paa Raaberg — iiij meler korn
Halffuor ibids — iiij meler korn.

Jchem Bekomer Zuercken kirken eller Presten nogen thiende till der is Opholde ach underholding, fordj ne dall eller Sagner, Efferdj Kornit ach Sedan komer megitt till schade ach borde Frijs Epchrdj det ligger saa langt ap till Fieldz.

Førre oppslag: Jostedalen er «ødedall nyligen optagen», fortel denne skattelista frå 1596, som er det fyrste dokumentet frå Jostedalen etter øydetida. Her står det kor mykje kvar gardbrukar skulle betale i skatt til presten.

På den tida låg det altså geistleg jordegods til prestekallet.[9] Men dette må seinare ha vorte lagt under krona, og både reformasjonen og øydetida, då Jostedalen vart «Kongens Øde march»,[10] er to grunnar som kvar for seg er forklaring god nok på at kongemakta overtok godset. Noko anna jordegods enn Prestegarden har då heller aldri seinare vorte tilført kyrkja eller presteembetet i Jostedalen.

Skattelista 1596 gjev òg ei forklaring på dei ringe inntektene: Det «bekommer huerken kircken eller presten nogen thiende till deris opholdt och vnderholding \fordi/ forschreffuenne dall eller sognne, effterdj kornit och seden kommer megidt till schade och bordt fryis eptherdj det ligger saa langt op till fieldzs.» Den vesle istida med den dramatiske forverringa det førte med seg for jordbruket og jostedølene, gjorde at her altså ikkje var noko særleg å hente i skatt og avgifter for prest og kyrkje. Dette skulle òg prege dei neste hundreåra.

Ein prest på kant med allmugen (1625)

Som me alt har sett i kapittel III, er den administrative kyrkjelege ordninga for Jostedalen heller uklar til noko inn på 1600-talet, og kjeldene er både sparsame og sprikjande. Jostedalen må ha vore ein del av eit større prestegjeld i øydetida og den fyrste tida etter at nybyggjarane kom, og skattelista frå 1596 talar då òg om «Jøstedals copell». Jostedalen skal ha vore anneks både til Hafslo og Luster, og ei av dei sikrare kjeldene er kyrkjestoleboka (kyrkjerekneskapen) som inneheld eit brev utferda i september 1632 av Jens Juel, lensherre over Bergenhus.[11] Brevet er eit påbod til soknepresten i Luster om å innrette ei kyrkjestolebok (rekneskapsbok) for prestegjeldet, og ho skal femne om både



I dyrige folck i Lyster-dal,
som frycte oc elske Gud,
oc hafue Eders Salighed
kiere
Jeg ynsker eder alle Guds Fadres Naade oc vor
Jesu CHRISTI kierlighed oc Fred, oc den hel-
lig-Aands dyrlactighed met lyck oc velsignelse
til Siels oc Lijfs timelig oc ævige velfart.
Giffuendis eder vorlige tilkiende at jeg her
for vist
hoff proësten hafuer hørdt oc spurdt at
der skulle findes nogle i Eders menighed
som sig vrang-villigen skulle anstille oc

hovudkyrkja (Dale) og dei fire kyrkjene som vert nemnde som annekskyrkjer: Nes, Fortun, Gaupne og Jostedalen. Det er bakgrunnen for at Jostedalen deler kyrkjestolebok med Luster dei fyrste tiåra etter 1631, og det er liten tvil om at øvrigheita i Bergen rekna Jostedalen som eit annekssokn til Luster i 1632.

Samstundes er det òg liten tvil om at Jostedalen hadde eigen bufast prest ei god tid før dette, truleg sidan 1500-talet. Dette var den einaste måten å sikre jostedølene tilgang på prestetenester når avstandane og vegsambanda var slik dei var. Så i praksis har nok Jostedalen langt på veg fungert som eit eige prestekall uavhengig av formalitetane kring prestegjeldsinndelinga.

Når det lokale inntektsgrunnlaget var for dårleg, var éi løysing altså å gje presten tilleggsytingar. Michael Nielssen, prest i Jostedalen ca. 1621–1635, skal ha fått løyvd korntidenda frå Jostedalen, noko som truleg vil seie at han fekk den delen av tienda som eigenleg skulle gått til kongen.[12] Om det stemmer, vart ein større del av skatteinntektene i Jostedalen enn i andre bygder altså verande i bygda.

Brevet frå biskop Niels Paasche til allmugen i Jostedalen, skrive i Sogndal prestegard 1. august 1625. Her får jostedølene gjennomgå for at dei ikkje har stelt godt med presten, og dei vert truga både med Guds straffedom og med straff av øvrigheita.

Korntilskot utanfrå fekk Nielssen òg. Det veit me fordi det var ein av grunnane til at han kom i klammeri med allmugen. Jostedalsbøndene hadde nekta å «opføre hans korn fra søen, som hannem af Øfrigheden bevilget er» heiter det i eit brev frå biskopen i Bergen 1625 der allmugen i Jostedalen får seg ein kraftig oppstrammar.[13] Jostedølene hadde òg nekta Nielssen «den Degne-mæle» (offermæle) som han hadde rett på. Bispen truga jostedølene til å gje presten det han hadde krav på «foruden knur, vrang-villighed, oc skalckactige underfundighed oc bitterhed, saa fremt de icke ville straffis baade af Gud med forbandelse til Siel og Lif her i Verden oc til ævig tid», og av «den Christen Øfrighed, som er i Guds stæd, huilcke ingenlunde ville lade saadane modvilligheder, forargelse oc fortrædelig ul-ydighed blifve u-straffit». At det ikkje var ein dans på roser å vere 1600-talsprest i Jostedalen, går elles tydeleg fram når bispen skriv at «Gud og huer Mand veed vel hvad skeed er med Eders forige Siele-Sørger etc.» Diverre må vanlagnaden til Nielsen sin forgjengar ha vore så velkjend i 1625 at biskopen ikkje fann grunn til å utbrodere det, difor ligg det i mørkret for oss.

Bispebrevet frå 1625 gjev òg eit interessant innblikk i korleis prestar vart utnemnde på denne tida. Med reformasjonen fekk allmugen kallsrett, altså rett til å velje prest sjølv.[14] Når eit prestekall vart ledig, skulle prosten setje i gang ei fastlagd prosedyre der ei handfull kallsmenn, utnemnde av allmugen, valde mellom dei aktuelle kandidatane til prestekallet. Prestevalet skulle deretter godkjennast av biskopen (superintendenten) og lensherren. Presten og allmugen sette opp eit kallsbrev der det mellom anna gjekk fram kva økonomiske ytingar presten skulle ha frå allmugen. Biskopen skreiv i 1625 at jostedølene hadde handla «imod hans Kaldsbrev, som I selv beseglet have» når det galdt degnemæla, og det går fram at allmugen i kallsbrevet hadde plikta seg til å føre opp frå fjorden kornet som presten fekk i tilskot. Allmugen sin kallsrett vart avskaffa etter innføringa av eineveldet i 1660 då kongemakta stramma grepet. Kallsbreva vart etter dette kongelege utnemningsbrev.

Ei prestegjeldssamanslåing i 1636 det ikkje vart noko av

Etter Michael Nielssen følgde Otto Ravn som prest (ca. 1635), og no prøvde ein seg på den andre løysinga, nemleg prestegjeldssamanslåing. På 1600-talet var det fleire rundar i Noreg med dåtidas kommunesamanslåingar der statsmaktene slo saman prestegjeld eller omregulerte prestegjeldsgrensene for å gje soknepresten eit betre inntektsgrunnlag. Otto Ravn må ha teke eit initiativ andsynes den nye lensherren over Bergenhus, for i eit brev 16. mars 1636 gjev lensherre Jens Bjelke og superintendent (biskop) Ludvig Munthe i Bergen klart uttrykk for at dei har skjøna kva jostedalspresten hadde å stri med.[15] Inntektene i prestegjeldet var «saa ganske ringe, at en Præstemand deraf med Hustrue og Børn ikke kan have sin nødtørstige Underholdning». Der var «Hunger og Armod», og berre tolv små heile og tolv halve gardar, så «bemeldte Hr. Otto Ravn deraf ikke kan have det daglige Brød». Her heiter det òg at kallet lenge «haver standet ledigt formedelst saadan ringe Indkomst». Løysinga som Bjelke og Munthe prøvde seg på, var å slå saman Gaupne og Jostedalen til eit nytt prestegjeld. Ravn skulle då sleppe å vere i Jostedalen. Han «skal paa en af Præstebolens Jorder til samme Goupnen forblivendes at residere, saa bemeldte Goupnen herefter kan agtes for hans Hovedkirke og Jystedalen for en Annex.»

Otto Ravn ser likevel ikkje ut til å ha fått det som han sjølv, Bjelke og Munthe ville. Lars Øyane skriv at Ravn vart buande i Jostedalen levetida ut,[16] og i eit nytt brev 28. oktober

Kanskje er dei noverande eigarar av Jostedal prestegard flinkare til å stelle jordi, kanskje er klimaet betre. Her er i alle høve prestegardsungane (Hylkje og Gunnar) i ferd med å ta opp patene hausten 2009. Bringebær og jordbær veks òg fint i prestegarden.

1636 stadfeste Bjelke at korntilskotet til jostedalspresten skulle førast vidare. Han skulle ha rett på 4 ½ tønner korn årleg av kyrkjetienda i prestegjelda Vik, Luster, Leikanger og Lærdal.[17] Dokumentet opplyser at dette er dei same privilegia som var tillagt den førre jostedalspresten av forgjengarane til Bjelke – han vart lensherre i 1633. Det var nok såleis dette Michael Nielssen (1621–35) fekk, og kanskje forgjengarane hans òg.

Det kom altså fint lite ut av initiativet til Bjelke, Munthe og Ravn om auka inntekt til jostedalspresten i 1636, og det må ha vorte stogga på høgste hald. Munthe var altså biskop og Bjelke lensherre over Bergenhus. Bjelke var dessutan «Norges Riges Canceller» 1614–59, ei av dei høgste embetsstillingane i Noreg. Initiativet frå to av dei fremste embetsmennene i Noreg må såleis ha vorte stogga av kongen og hans folk i København. Kva som har skjedd i København, veit me ikkje. Men det er ikkje urimeleg å tru at soknepresten i Luster har sett seg i sving for å hindre at han miste Gaupne sokn og inntektene derifrå.[18]

Kor gamal var så ordninga med at jostedalspresten fekk tilskot utanfrå? Det fyrste provet har me altså frå 1625, men eit brev frå 1664 kan tyde på at ordninga er monaleg eldre. Då skreiv presten Tøger Jensen at forgjengarane hans hadde fått korn frå dei andre kyrkjene i Sogn «Siden forbenevnte Justedallen bleff Opryddet», noko som skjedde «for 100 Aar» sidan.[19] Dette hadde neppe Tøger Jensen sikker kunnskap om, og han hadde i brevet all mogleg interesse av å framstille desse privilegia som så gamle og innarbeidde som mogleg. Skatte-



I mai 1655 sette allmugen i Jostedalen opp dette bøneskrivet der dei bed om at øvrigheita yter eit korntilskot til presten Tøger Jensen slik at han ikkje skal fare sin veg. Det er signert lensmannen og fem lagrettemenn (bønder). Dette er det eldste kjende dokumentet der jostedøler sjølve gjev ei skildring av tilhøva i bygda med frost, snø, misvekst, hunger og armod.

lista frå 1596 seier ikkje noko om inntekter frå andre kyrkjer, men det kan ikkje nødvendigvis takast som prov på at tilskotsordninga ikkje var etablert. Det er nok ikkje urimeleg å tru at ordninga med korntilskot til jostedalspresten har funnest bortimot så lenge som det har vore eigen prest i bygda.

Allmugen stiller opp for presten (1655)

Etter 1636 gav øvrigheita opp å slå saman Jostedalen med andre sokn eller prestegjeld, og frå dette året kan det ikkje vere tvil om at Jostedalen var eit eige prestekall. Løysinga ein då stod att med, var å halde oppe prestekallet med tilskot utanfrå. I 1652 vart kyrkjebyggjaren Tøger Jensen prest i Jostedalen, og han hadde prestekallet i over 50 år (!). Dei tre nemnde dokumenta frå 1625 og 1636 utgjer saman med ei rekkje dokument frå åra 1653–1667, altså prestetida til Tøger, sterke vitnemål om striden jostedalspresten måtte føre for inntekta si. Dei privilegia prestekallet i Jostedalen fekk til ytingar utanfrå, var nemleg avgrensa til funksjonstida til presten og til lensherren som delte ut privilegia, så dei måtte jamleg fornyast. Det var dette me såg skjedde i 1636 då både presten Otto Ravn (1635) og lensherren Jens Bjelke (1633) var nye i embeta.

Tøger måtte òg fornye privilegia som forgjengaren i presteembetet hadde hatt. Dessutan var det ein ny lensherre på Bergenhus – Ove Bjelke hadde i 1648 overteke lenet etter far sin Jens. Det må ha gått greitt, for den 3. mai 1653 stadfeste Ove Bjelke i ei påskrift på Jens Bjelke sitt privilegiedokument frå oktober 1636 at Tøger skal ha dei same ytingane som forgjengarane.[20]

I motsetnad til jostedalspresten Michael Nielsen som i 1625 var komen på kant med allmugen, ser Tøger Jensen ut til å ha kome godt utav det med bygdefolket. Me har eit særs interessant bøneskriv dagsett 29. mai 1655, underskrive på vegne av allmugen i Jostedalen av bondelensmann Torstein Andersson og lagrettemennene Sjur Kronen, Anders Grov, Ole Åsen, Laurits Bakken og Knut Snøtun.[21] I bøneskrivet klaga «Vii Fattige och Ellendige» fjellbønder over nauda i «denne affdal» der snø og frost skapte store problem for korndyrkinga. På grunn av dette kunne «vi Fattige Folk Icke Lønne eller underholde voris Sielesørgere». Me får opplyst at Tøger Jensen no er prest på fjerde året, og brevskrivarane hadde her eit trugsmål å kome med: Om det ikkje vart gjort noko med inntekta hans, ville «Hungers Nød och Armod» gjere at presten Tøger «mod sin

Vilie» må forlate bygda. Dette er truleg det eldste bevarte dokumentet der jostedøler sjølve formulerer kva vilkår presten og allmugen levde under på 1600-talet.

Presten og allmugen i Jostedalen nådde fram. Påskrifta frå Ove Bjelke 23. januar 1656 slo fast at Tøger Jensen årleg skulle få ti tønner korn frå inntektene til dei mest formuande kyrkjene i Ytre Sogn. Dette skulle stiftsskrivaren ordne med, og det kom då i tillegg til kyrkjekornet (4 ½ tønne) som Tøger, til liks med forgjengarane, alt fekk frå dei fire prestegjelda i Indre Sogn.

Ein prest på tiggarferd til Kristiania (1664)

Fleire dokument frå 1660-åra vitnar om at Tøger måtte kjempe for korntilskotet. Sommaren 1664 la han i veg til sjølvaste Kristiania for å klage si naud. Her sette han opp eit brev som noko meir detaljert enn bøneskrivet frå 1655 fortel om dei ringe vilkåra for allmugen og prestefamilien i Jostedalen. Bygda har 25 små gardar, og misvekst og «vinterens langvarige Snee och Kuld foraarsage altid hunger och armod», noko som gjer at folket må ete agner og bork. Om presteinntekta opplyser Tøger at han sår seks tønner korn i Prestegarden, «som dog Offteste bortfryser och aff veir forderffes». Dei visse inntektene i kallet er ni tønner korn, og så får han 20 tønner bygg og havre av kyrkjetienda i prestegjelda i Indre og Ytre Sogn.

Problemet no, og bakgrunnen for klagebrevet, var at kyrkjeverjene vegra seg mot å utlevere det løyvde kornet til Tøger før han kunne vise fram ei ny stadfesting på privilegiet. Tøger skriv at han ikkje har råd til å reise til Danmark for å leggje fram saka sjølv for kongen. Så han bed adressaten for brevet, Titus Bülche, om ei ny stadfesting på kornprivilegia. Om dette treng kongeleg stadfesting, bed Jensen om at Bülche legg fram saka for kongen.

Me merkar oss at Tøger i 1664 ikkje vende seg til lensherren på Bergenhus, men drog til Kristiania. Dette var ein praktisk konsekvens av innføringa av eineveldet i 1660, statskuppet der danskekongen samla all makt i sine hender, primært på kostnad av adelen. Lensherrane vart fråtekne makt og funksjonar og vart etter kvart avløyste av kongelege embetsmenn på fast løn, og det vart skipa fleire nye embetsstillingar som skulle ha heile Noreg som forvaltningsdistrikt. Den nyoppretta stillinga som kyrkjekommisær for Noreg i 1662 gjekk til den tiltaksame 23-årige dansken Titus Bülche. Han fekk ansvaret for tilsynet med kyrkjene, kyrkjeinntektene og prestegardane i heile landet og for å krevje inn kongens inntekter på avsides stader i landet. Bülche hadde dessutan oppsyn med godtgjersla til ombodsmenn i kyrkja.[22]

Bülche var rett mann, og Tøger Jensen må ha skrive klagebrevet sitt etter ein fyrste kontakt med Bülche eller folka hans, for det positive svarbrevet kom alt etter fire dagar, den 13. august. Bülche kom «denne fattige Hæderlige Præstemand» Tøger til unnsetjing og slo fast at kyrkjeverjene i Indre og Ytre sogn «uden nogen undskyldning eller Modsigelse» skulle gje Tøger dei 20 korntønnene han hadde rett på. Dette galdt mellombels fram til kongen sjølv hadde stadfesta ordninga. Me merkar oss her at korntilskotet må ha vorte auka frå totalt 14 ½ til 20 tønner mellom 1656 og 1664.

Ei kongeleg stadfesting ser me ikkje spor etter, og problema til Tøger var ikkje over med dette. Den 20. februar 1667 sette han opp eit nytt klageskriv, denne gongen i Prestegarden og no att med Bergen som adresse. Kyrkjekommisær Bülche hadde forlate Noreg i 1665, og oppgåvene hans vart overførte til (stifts)amtmennene som etter 1660 avløyste dei gamle lensherrane, men med monaleg færre fullmakter. Amtmann for Bergenhus frå 1666 var generalmajor Georg Reichwein, ein krigshelt frå krigen mot svenskane 1657–60.[23]

I klagebrevet til Reichwein gjev Tøger Jensen



Brevet frå kong Kristian 6. i mai 1743 der han slår fast at allmugen og presten i Jostedalen skal få tilsendt 200 tønner godt korn fordi «ald deris Korn-Vext er bortfrøssen». Bak tiltaket stod stiftsamtsmann Jonas Lym i Bergen som alt hadde sett det i verk etter alarmerande meldingar frå Jostedalen, mellom anna frå Matthias Foss.

ei skildringa av vilkåra for allmugen og presten i Jostedalen som er mykje den same som i 1664. Men no skriv han òg at om han ikkje får korn, «ved jeg Ingen Raad til at faae Prestegaarden tilsaaed i Aar.» Jostedalspresten var altså i ferd med å ete opp såkornet sitt. Bakgrunnen for dette brevet var at «nogle aff Kierckevergerne i Sougn», trass i pålegget frå Bülche frå 1664, også i år hadde vegra seg mot å utlevere det løyvde kornet til Tøger. Også Reichwein kom Tøger til unnsetjing: I ei fråsegn 6. mars 1667 vart kyrkjeverjene pålagde straks å gje Tøger kornet han hadde krav på. Det var i 1667 snakk om dei same 20 tønnene som i 1664.

Problema frå 1600-talet heldt fram utover på 1700-talet. Henrik Nitter vart personleg kapellan hjå Tøger Jensen i 1687 og tok etter kvart over alle embetshandlingar før han sjølv fekk presteembetet i 1703. I 1709 klaga han til biskopen over at det var naud og elende hjå han, og at tienda var vanskeleg å få inn. Det gjekk då ut endå eit påbod til kyrkjeverjene i Sogn, denne gongen frå biskopen i Bergen, om at dei «udi Natura leverer det korn til rekvirenten som fra Arilds tiid Justedals kirke tillagt er, og i fald kornet hannem ikke udi Natura erlægges, da hannem Pengene dertil efter Capitals Taksten uden ringeste avkortning at betale.»[24] Korntilskotet til jostedalspresten var såleis i 1709 noko ein la til grunn at hadde vorte ytt i all æve («fra Arilds tiid»).

Me har altså sett at øvrigheita i høgste grad tok klagemåla frå jostedalsprestane på alvor og kom dei til hjelp gjennom korntilskot. Forklaringa på dette må nok primært søkjast i trugsmålet som går att i alle breva frå presten og allmugen i Jostedalen: Øvrigheita måtte syte for at «de Fattige Folch Iche paa deris

Rundt 1750 førde «den vesle istida» til at breane vaks og braut seg framover i dalane. Postkort etter eit måleri av J. C. Dahl i 1847.

Salligheds vegne skulle Sidde i Mørchet», slik Tøger sa det i 1664. Dei ville bli «som Faar der havde ingen Hyrde», skreiv Jens Bjelke og Ludvig Munthe i 1636. Med andre ord: presten ville reise sin veg. Og det var styresmaktene ikkje interesserte i, difor desse aktive tiltaka for å få prestane til å bli i Jostedalen. I Tøger Jensen og Henrik Nitter sine tilfelle lukkast dei då òg med det – Nitter sat i embetet frå 1703 til han døydde 1724. Men me merkar oss òg at dei økonomiske tiltaka frå statsmaktene ikkje kom i form av det me i dag ville kalle friske midlar, men gjennom påbod om ei regional omfordeling, altså at dei rikaste prestekalla og kyrkjene i Sogn subsidierte det fattigaste.

Etter privatiseringa av kyrkjene i 1720-åra gjekk tilskotsplikta over på dei private kyrkjeeigarane. Kvar hovudkyrkje i Sogn skulle gje frå seg 1 tønne korn og kvar annekskyrkje ½ tønne korn til jostedalspresten. Dette vart til saman 19 ½ tønner, som er det samla talet me støyter på gjennom 17- og 1800-talet. Dette tilsvarar nok dei 20 tønnene som er omtalte på Tøger Jensen si tid. Matthias Foss kan elles fortelje at nettotilskotet var mindre. Når ein drog frå kostnadene til lagerhald hjå kyrkjeeigarane og skyss, sat Foss berre att med 15 ½ tønner.[25] Problema med å få ut kornet dei hadde krav på, vitnar òg om kor lite populært det må ha vore å gje frå seg kyrkjekorn til presten i Jostedalen. Men kan sjå han føre oss, jostedalspresten, som årleg måtte ut på det som må ha

fortona seg som ei tiggarferd til alle kyrkjene i Indre Sogn.

Når ein veit kor lite attraktivt det var å vere prest i Jostedalen, kan ein spørje seg kvifor Tøger Jensen og Henrik Nitter sat så lenge i embeta. Perioden frå Jensen tok over kring 1652 til Nitter døydde i 1724 var trass alt prega av stabilitet. For båe gjeld nok det at dei greidde å byggje seg opp ein økonomisk basis med inntekter utanom presteembetet og at dei trass alt var ein del av eit regionalt aristokrati i Indre Sogn – dei var storfolk. For Nitter sin del tel nok òg det at han hadde ei sterk familiær tilknyting til Indre Sogn.

Matthias Foss og det harde 1700-talet

Etter Nitter kom igjen ein periode der det var vanskar med å få søkjarar til presteembetet i Jostedalen, og der prestane som kom, drog att så raskt dei kunne. Frå 1725 til 1738 hadde Jostedalen såleis fire prestar – ein av dei overtok truleg heller aldri embetet før han fekk eit betre kall. Etter tre års presteløyse overtok så Matthias Foss prestekallet i april 1742, og han dannar unntaket frå regelen ved at han vart verande her i 50 år til han døydde i 1792.

Møtet med Jostedalen i vårknipa 1742 må ha vore litt av eit sjokk for 27-åringen Foss og kona hans. Breane hadde alt vakse lenge, og sist i 1740-åra nådde dei maksimum. Øydeleggingane til breen kom i Jostedalen på toppen av uår med avlingssvikt og harde vintrar over heile landet 1739–43 som skapte ei av dei største matvarekrisene og svoltkatastrofane Noreg har opplevd i nyare tid. Med breveksten og uveret følgde dessutan flaum og skred. Etter initiativ frå Hafslo-presten Christopher Munthe, som åtte dei fleste gardane i Jostedalen, vart det dagane 20.–23. august 1742 halde 'avtaksforretningar' for gardane Ormberg, Åsen, Bergset, Elvekrok og Mjølver for å få nedsett skatten. Somme av gardane vart beint fram øydelagde, og mange fleire hadde store avlingsskadar. Også Prestegarden vart råka. Foss klaga i 1750 over at «Kornet jevnlig hvert Aar bortfryser», noko Tøger Jensen også klaga over hundre år før.[26]

Vinteren 1743 tok Jonas Lym, konstituert stiftsbefalingsmann (stiftsamtmann) i Bergen, for alvor til å engasjere seg i den dramatiske stoda for allmugen i Jostedalen. Bakgrunnen var urovekkjande meldingar frå allmugen i Jostedalen og embetsmennene i Sogn hausten 1742. Lym fekk inn fleire fråsegner, mellom anna frå futen i Sogn, Ananias Harberg, og frå Matthias Foss.[27] Her er det fyldig dokumentert at gardar er øydelagde av breen, at kornet ikkje mognar og at allmugen må ete bark og røter. Den 16. april sende så Lym saka over til Danske Kanselli i København, som var regjeringskontoret som styrte med slike saker. Året før hadde biskopen og amtmannen i Bergen fått tilsendt 3000 riksdalar frå København til den trengjande og lidande allmugen i stiftet. Lym ville sende 150 tønner bygg og 50 tønner havre til Jostedalen og finansiere innkjøp i Bergen og transport til Sogn av dei 3000 riksdalarane. Dette bad han om kongeleg godkjenning på, noko han fekk i eit kongebrev 24. mai. Men då hadde Lym alt sett i verk naudtiltaket og kjøpt og sendt av garde kornet.

Etter gjennomsnittlege kornprisar i fyrste halvdel av 1740-åra tilsvarte støtta til Jostedalen kring 300 riksdalar, altså kring 1/10 av det som skulle gå til heile stiftet. Jostedalen var unntaket. Når det galdt alle dei andre prestegjelda i stiftet, skulle det ikkje delast ut korn eller pengar før sokneprestane hadde kartlagt og dokumentert behovet, noko dei skulle gjere innan 1. desember. Det høyrer med til dette biletet at krisa var mest dramatisk på Austlandet og nordafjells, og at Bergens stift slapp lettast unna avlingssvikten. Ho kunne likevel òg vestpå merkast gjennom ei langt høgare dødelegheit enn den vanlege. Me kan ikkje her gå nærare

inn på krisa, men lyt leggja til at styresmaktene i København hadde medverka til å skape krisa gjennom det øydeleggjande kornmonopolet og tollpolitikken.

Saksmappa i Danske Kanselli er ei viktig kjelde til verknadene av 'den vesle istida' i Jostedalen. Her lyt me likevel avgrense oss til det som gjeld Matthias Foss og presteembetet. I eit brev som er skrive 26. februar 1743 og ligg ved saka, er Foss desperat. Han fortel at «jeg med min Kone og barn ere færdige at crepere af mangel paa det nødtørstige daglige brød». Prestegarden er dessutan nesten teken av to støre snøskred, og dei går berre og ventar på at fennene skal kome på nytt og nå heilt fram til prestegardstunet. Foss skisserer fleire alternativ for sin eigen del. Det eine er at Jostedalen blir slege saman med Gaupne og gjerne òg Joranger til eit nytt prestekall som han då kan få. Han har lagt ved ei avskrift frå resolusjonen frå mars 1636 som etter hans meining provar at Jostedalen og Gaupne har vore i lag før. (Som me har sett, stemmer nok ikkje dette.) Det andre alternativet er at Jostedalen vert lagd som eit anneks under Luster prestegjeld og vert betjent av ein kapellan i Gaupne – den løysinga inneber at «jeg kunde blive forflyttet fra dette usle sted». Trugsmålet er det vanlege: Om han ikkje får hjelp på ei eller anna vis, «seer jeg ingen anden udvei, end nøden driiver mig til at forlade stædet».

Ingen av framlegga til Foss er kommenterte i dei andre dokumenta i saksmappa, og dei vart truleg heller ikkje vurderte av øvrigheita. Løysinga deira var å sende korn som naudhjelp slik at allmugen – og presten! – ikkje skulle svelte ihel. Biskop Erik Pontoppidan var på visitas i Sogn sommaren 1749 og møtte då Foss i Dale. Den uprenta visitasberetninga hans gjev eit levande vitnemål om vilkåra for presten i Jostedalen.[28] Han konstaterer at «Præsternes Vilkaar ere gemenlig saa slette, at man med dobbelt Undseelse maate være dem til Besværing med sine Folk og sig selv.» Eigenleg var det «umuligt at dette Kald, som giver 60 à 70 Rdlr: aarlig i det høyeste kand have sin egen Præst.» Men andre løysingar fanst ikkje. Pontoppidan slo fast at geografien gjorde det uaktuelt å leggje Jostedalen under eit anna prestekall eller å leggje eit anna prestekall under Jostedalen.

Samstundes hadde Pontoppidan her òg eit personalproblem. Foss måtte finne seg i å leve her i «sin extreme Armod» på grunn av ei «arrig og avindssyg Hustrue» som gjorde det uaktuelt å gje han eit betre kall. Men noko kunne han love Foss: Han ville «giøre mit beste til hands Indkomsters Forbedring, hvilket er skeet ved nu allerunderdanigst Forestilling til Deres Kongl: May:t om pension af et rigere Kald naar noget saadant bliver vacant her i Stiftet.» Løysinga fann Pontoppidan då soknepresten på Voss, Johan Chr. Haar, døydde. Soknepresten i Jostedalen skulle etter dette ha 40 (eller 50) riksdalar frå Voss prestekall, noko Pontoppidan vona kunne «destomere opmuntre til Flid og Troeskab i Herrens Gjerning».[29]

Foss ynskte seg bort frå Jostedalen, men dei kyrkjelege føresette let Foss sitje i embetet til han døydde. Dette kjem i eit endå grellare lys når me får vite at «Kaldet bliver anseet for et Promotions Kald», som Albert Hatting skreiv i prestehistoria si i 1770-åra, midt i prestetida til Foss.[30] Då etterfølgjaren til Foss søkte seg bort i 1800, understreka både prosten og biskopen at Jostedalen var eit 'promosjonskall'. Det var eit kall som særleg kvalifiserte til forfremjing på grunn av dei ringe og vanskelege vilkåra, med andre ord eit gjennomgangsembete der innehavaren fyrst og fremst var for å gjere seg fortent til betre stillingar.[31] Biskop Johan Nordahl Brun såg jamvel det å vere prest i Jostedalen i 'promosjonssamanheng' på line med å vere misjonær![32]

Alt på 1700-talet var styresmaktene på det

reine med at Jostedalen var det minste og ringaste prestekallet i heile Noreg – dette går klart fram av ei rekkje dokument om 'naudhjelpa' i 1743. Biskop Brun skreiv i 1800 at det er «det mindste sognekall i stiftet, ja jeg tror det mindste i Norge». Presten Ole Aabel (1892-1801) greidde å kome seg vidare til Aurland, som biskopen same stad òg omtala som eit «saare ringe Kald». I oversynet frå 1846 ser me at Aurland var det nest dårlegaste prestekallet i Indre Sogn med 475 spd i inntekter attåt 70–90 spd frå prestegarden, altså oppunder det doble av Jostedalen på same tid.

Tiendkommisjonen 1802

Kjeldene fortel om mykje styr med å få dei fattige jostedølene til å betale det dei var pliktige i skatt og avgifter til kyrkja og presten. Jon Laberg har ei soge om korleis Henrik Nitter løyste problemet med den gamle skikken med at kyrkjelyden skulle ofre til presten ved kvar storhelg som jol, påske og pinse. Nitter innsåg at dette ikkje var noko dei gjorde med stor glede, så han fann ei råd: Han klypte ut ein del runde blikkstykke med form som pengar som vart delte ut før storhelga, slik at dei som ofra då kunne leggja desse «pengane» på alteret. Presten samla dei så saman til seinare bruk. Seinare prestar skal ikkje ha vore like glade for skikken.[33]

Meir alvor var det nok då over tingingane i Nigard i mai 1802. Bakgrunnen var ei kongeleg forordning av 31. juli 1801 om tiendvesenet i Noreg. Tienda varierte mykje, og forordninga påbaud at kommisjonar i kvart prestegjeld skulle gå gjennom tienda. Tiendforretninga i Jostedalen var 12. mai 1802, og der kom allmugen til semje med kyrkjeeigaren (og klokkaren) Johannes Asbjørnsen og presten Johan Henrik Lind om betalinga av kyrkje- og prestetienda. Dei sentrale dokumenta, som skulle sendast til sentraladministrasjonen i København, var lister over kor mykje kvar av dei 28 gardbrukarane skulle betale i tiend.[34] For kyrkjetienda var det enkelt: Kvar gard skulle yte 1–2 mæler korn bortsett frå Bjørkehaugen og Elvekrok, som betalte i pengar (9 og 12 skilling). Der hadde dei altså meir pengar enn korn. Prestetienda var meir samansett: Alle gardane ytte eitt kalveskinn, ein slåttedag og ein pengesum som varierte, og alle så nær som ein gard ytte ei smørmengd som òg varierte. Alle gardane ytte dessutan ei skysskløv kvart tredje år. Det var summen av desse ytingane som kom til syne i dei nemnde inntektsoversyna for prestekallet i 1846 og 1870.

Presten Bernt Anker Leigh var ikkje nådig mot Lind då han i 1830 såg attende på kva forgjengaren hadde skrive under på.[35] Det han reagerte på, var eit tillegg til tiendforretninga der Lind og allmugen var samde om at smørtienda heretter kunne betalast med pengar, noko Leigh karakteriserte som «den for Kaldets Indkomster skadelige Forening med Almuen». Eit problem var nok taksten som sa at smøret kunne betalast med 5 2/3 skilling per mark, og kvart kalveskinn med 10 skilling, noko som både førte til at «Præstene lede Tab, og havde langt verre for at faae sit Tilgodehavende, da Penge her ere en Sjeldenhed».

Her ser altså allmugen ut til å ha kome etter måten godt frå det. Kanskje kom det av at 32-åringen Lind kom rett frå embetseksamen i København til prestekallet i Jostedalen (i 1801) og ikkje hadde så mykje å stille opp andsynes bønder som kunne vere drivne i tingingar og forretningar. Leigh opplyser likevel at allmugen frå 1822 igjen tok til å betale in natura. I prestetida til Christian Bastholm Heltbert (1846–53) gav så alle gardbrukarane ein skriftleg lovnad på vegne av både seg sjølv og etterkomarane om at tienda skulle betalast in natura, ikkje pengar.[36] Denne ordninga stod truleg ved lag så lenge tiendordninga eksisterte (til 1918).

Mellombels samanslåing med Sogndal (1823)

Etter at Ole Aabel drog i 1801, følgde ei ny rekkje med prestar som berre vart i Jostedalen 5–7 år før kallet vart ståande utan søkjarar frå 1820. I 1822 fekk så Jostedalen for fyrste gong sidan Tøger Jensen ein prest som var fødd i bygda. Det var Peder Pavels Aabel, son av Ole Aabel og fødd i Jostedalen i 1795 der han budde dei fyrste fem leveåra. Han ville kome nær far sin i Aurland og søkte og fekk det ledige presteembetet i Jostedalen.

At det neppe var kjærleiken til fødebygda som drog han dit, skulle raskt kome for ein dag. Den 13. april 1822 vart Aabel utnemnd til prest i Jostedalen, men alt 4. juli 1823 søkte han det ledige presteembetet i Sogndal. No smurde nok prestar som søkte seg bort, ekstra på i søknadene sine, men Aabels søknad kan likevel takast som eit vitnemål om korleis det var å vere prest i Jostedalen.

Han skriv at han på førehand kjende til «saavel stedets haarde, ufordelagtige beliggenhed som embedets høist ringe indkomster», men likevel var «menighedens forarmede tilstand og flere andre tilstødende forhold» ukjende for han den gongen. Han hadde i 1822 gift seg med «en god, men ligesaa fattig pige» (prestedottera Margareta Leigh), og for å «etablere den muligst tarvelige husholdning gjorde jeg en gjæld af 300 Spd». Det hadde kravt mykje å gjere Prestegarden «beboelig og skikket til at sikre os helbreden i det strenge klima». Hjå den «forarmede allmue» var det lite å hente – dei var «ved den totale pengemangel ei i stand til at svare de ubetydeligste ydelser til deres prest». Me støyter altså igjen på jostedøler med vantande betalingsevne. Han fekk seg ikkje til å drive inn desse gjennom «trykkende executioner», og i løpet av nokre månader hadde han ikkje fått inn meir enn 20 bismarpund smør og 30 spesidalar. «Min gjæld ser jeg saaledes her ei alene ingen udvei til at betale», tvert om auka ho berre.

Aabel skisserte i Sogndals-søknaden sin den mest oppsiktsvekkjande løysinga som er prøvd ut for presteembetet i Jostedalen. Han slo fast at kallet var lite jamvel som annekssokn og gjorde framlegg om at Jostedalen vart anneks til Sogndal om han fekk embetet der. Han lovde i så fall å reise seks gonger årleg til Jostedalen og vere her så lenge kvar gong at det var tid til to gudstenester, og dessutan «et par dage til skolebesøg, konfirmationsforberedelse o.s.v. ».[37] Dei tre fyrste åra kunne Aabel dessutan tilby å avgje korntilskotet frå dei andre kyrkjene i Indre og Ytre Sogn (19 ½ tønne korn årleg) «for deraf at grundlægge et bygdemagasin for Justedalen.»[38]

Aabel spela korta sine godt. Prosten Edvard Qvale i Luster var ein av hans nære fortrulege og tilrådde varmt Aabels søknad og opplegg. Berre åtte dagar før han skreiv tilrådinga si i saka, hadde biskop Jacob Neumann vore på visitas i Jostedalen og vorte kjent med «den unge mand» og overtydd om «hans embedsdygtighed». Slik gjekk det til at Aabel fekk presteembetet i Sogndal i august 1823, med verknad frå året etter, og tok med seg Jostedalen, som han dermed styrte med venstrehanda til bygda igjen fekk eigen prest i 1828. Og slik gjekk det til at det vart skipa eit bygdemagasin i Jostedalen i 1823, som vart forlauparen til Jostedal sparebank (1895).

«Men akk, arme Adolf, ikke engang Justedalen»

At Jostedalen ikkje var noko særleg til prestekall, kom jamvel til uttrykk i eit av hovudverka i norsk litteratur på 1800-talet. Ein av hovudpersonane i Amtmandens Døttre (1855) av Camilla Collett, kapellanen Adolf, slit med å få seg prestekall. Det får gifteklare Amalie til å bryte ut til systera: «Men akk, arme Adolf, ikke engang

Justedalen! … Vi kan vente en god stund innen han får noe!».[39] Truleg var det den fem år eldre broren Henrik Wergeland sine vanskar med å få seg prestekall som fekk Collett til å bruke nettopp Jostedalen i romanen. I august 1834 hadde Wergeland søkt fire embetspostar utan å få nokon av dei. I prioritert rekkjefølgje var det fyrstelærarposten ved borgarskulen i Tønsberg, to kapellanstillingar på Austlandet og soknepresembetet i Jostedalen.[40]

Då Wergeland i 1840 søkte soknepresembetet i Røyken i Akershus, nemnde han «Uheldene under en foregaaende Departementchefs Indstillinger til min Tilsidesættelse, saasom til Justedalens Kald i 1834, til Hofs, Rollaugs, Legangers, Vedøens og Borgunds Kapellanier i 1835».[41] Dette kan tyde på at det var Jostedalen han var nærast til å få i 1834. Me kan nok rekne med at innkoma frå dei ulike prestekalla var eit vanleg samtaletema mellom unge teologiske kandidatar i det kondisjonerte miljøet Collett og Wergeland var oppvaksne i og levde i. Mellom søknadene til Wergeland og Amtmandens Døttre kom òg den nemnde utgreiinga frå prestelønskommisjonen (1846) som slo fast at Jostedalen var det ringaste prestekallet i landet. Så Jostedalen må – med god grunn – tvillaust ha slite med omdømet i dei øvre samfunnslaga!

1850- og 60-åra: statstilskot

Me merka oss at ein viktig skilnad på oversynet over embetsinntektene i Jostedalen i 1846 og 1870 var statstilskotet. Det var i desse tiåra dei økonomiske tilhøva for prestekallet i Jostedalen vart ordna.

Den store endringa kom i 1852, og initiativet kom frå Christian Bastholm Heltberg, prest i Jostedalen 1846–53. Han søkte Opplysningsvesenets fond (skipa 1821) om lønstilskot til prestekallet, og søknaden fekk sterk støtte av prosten, som var soknepresten i Aurland. Ved kongeleg resolusjon 22. april 1852 vart det så ytt eit årleg tilskot på 200 spd.[42]

Tilskotet frå Voss utgjorde på 1800–talet 40 spesidalar, og i 1846 var Jostedalen det einaste soknepresembetet i heile Bergens stift som mottok eit slikt tilskot frå eit anna soknepresembete. Dette stod ved lag til 1868 då ein ny kongeleg resolusjon overførte tilskotsplikta til Opplysningsvesenets fond. Frå dette året var statstilskotet såleis oppe i 240 spd årleg.[43]

Det nye med denne ordninga var for det fyrste at tilskotet heilt og fullt kom i pengar, ikkje i naturalia (særleg korn), og vel så viktig: at tilskotet kom direkte frå staten og ikkje gjennom ei regional omfordeling mellom fattige og rike prestekall. Inntektene til presteembetet i Jostedalen var i andre halvdel av 1800–talet komne opp på eit nivå ikkje altfor langt etter grannebygdene.

Dei neste tiåra følgde ei stegvis omlegging der det gamle embetsinntektsystemet vart avskaffa. Det vart slutt på at presten måtte livnære seg på lokale inntektskjelder som tiend, betaling for embetshandlingar og drift av prestegarden. Etter andre verdskrigen vart omleggingа fullført, og presten vart ordinær lønsmottakar på statleg regulativ.

Oppsummering

I dette kapitlet er det drege fram ei rad dokument som har framheva den usle og elendige tilstanden både for allmugen og presten i Jostedalen. Når ein les desse dokumenta, kan ein lure på korleis det i det heile kunne bu folk her. Det kan ikkje vere mykje tvil om at jostedølene gjennom desse hundreåra vart utsette for påkjenningar me knapt kan førestelle oss i dag, særleg i dei verste naudsåra (som 1740–43) der flaumar, skred, brear, uver og harde vintrar gjorde stor skade på avling og gardar.

Men dette kan knapt ha vore den heile og fulle sanninga om korleis jostedølene hadde

det. Dei dokumenta me har sett på, hadde eit klart føremål, nemleg å betre økonomien til presten. Dette var òg i allmugen si interesse, for det kunne ta vekk noko av den økonomiske belastninga det var å halde seg med prest. Me ser då òg at allmugen jamt støtta opp om initiativa til presten. I mars 1636 var allmugen med på framlegget om å slå Jostedalen saman med Gaupne og eksportere presten dit, og i 1655 bad allmugen sjølv om at presten fekk betre vilkår. Både presten og allmugen hadde såleis interesse av å svartmåle situasjonen i bygda i dei initiativa som vart tekne andsynes øvrigheita.

Samstundes hadde livet i Jostedalen òg ei anna side, og den kjem fram i fullt mon i Justedalens kortelige Beskrivelse av Matthias Foss, som heller grensar til ei skjønmåling av tilstanden. Jostedølene vert der rosa for å vere heimekjære og ha «gode Hoveder til at lære og begribe en Ting», det er «et poleret dog derhos et politisk Folk», dei held seg «nette i deres Klædedragt og reenfærdige i deres Huse», og han ser ein sterk byrgskap midt oppi all fattigdomen. Då Foss i 1759–60 sette opp eit 'sjeleregister', altså eit manntal over alle Jostedøler, fann han ei rad bøker kringom på gardane og utbreidd lesekunne.

Så røynda gjennom 16- og 1700-talet låg nok ein stad imellom Justedalens kortelige Beskrivelse og den dystre framstillinga i dokumenta som var sette opp for å utløyse handling frå styresmaktene si side.

Det er ein gjennomgangstone i dei gamle dokumenta at det var praktisk umogleg å slå saman Jostedalen med andre sokn på grunn av avstand, topografi og klima, og så langt i framstillinga har me teke denne påstanden for god fisk. Me skal likevel avrunde med å problematisere dette. I prestehistoria si for Bergens stift, skrive kring 1770, var Albert Hatting sterkt undrande til at Jostedalen var eit eige prestegjeld. Han meiner at avstanden til Luster ikkje kan vere avgjerande, for «man haver langt fleere Kald her i Stiftet hvor Veyen baade er længere og formedelst Landets Situation saavel farligere, som meere besværlig end her».[44] I 1636 vurderte både presten Otto Ravn, allmugen i Jostedalen, lensherre Jens Bjelke og biskop Ludvig Munthe det slik at den beste løysinga for Jostedalen var ei samanslåing med Gaupne. Då Matthias Foss vinteren 1743 desperat prøvde å kome seg bort frå Jostedalen, framheva han sameleis at det ikkje var lenger til Gaupne enn at det kunne fungert heilt fint at ein prest i Gaupne hadde Jostedalen som annekssokn.[45]

Konklusjonen på dette må bli at avstand og vanskeleg reiseveg ikkje åleine var utslagsgjevande for at Jostedalen vart verande eit eige prestegjeld. Tvert om kan andre grunnar ha vore vel så viktige. Gjennom alle år frå 1742 til 1792 hadde øvrigheita ei sterk personalpolitisk interesse av at den fråskilde Matthias Foss heldt seg i Jostedalen, som i eit slags indre eksil – me har sett at Pontoppidan sa dette rett ut i 1749. Mindre sikre kjeder har me på det som det er rimeleg å tru at var hovudgrunnen til at Jostedalen vart verande eige prestegjeld: Presten i Luster må ha hatt ei sterk interesse av å unngå å miste inntektene frå det gode Gaupne annekssokn, og han motsette seg nok dette sterkt i den grad framlegget kom opp. Lustrapresten hadde nok dessutan òg jamt betre kanalar til øvrigheita enn jostedalspresten.

Endskapen vart i alle høve at Jostedalen vart verande eit eige prestegjeld, det ringaste i landet. Difor vart Jostedalen òg ein eigen kommune frå 1837/38 då prestegjeldinndelinga vart lagt til grunn for den nye kommuneinndelinga.

Sokneprest Audun Systad får vere prest i Jostedalen i ei tid då både arbeidstid og løn er avklara.

X

The most miserable incumbency in the country

In this chapter we have presented a number of documents that emphasize the poor and miserable condition of the people and the pastor in the Jostedal district. When we read these documents, one may wonder how people could live here. Without doubt the people in Jostedalen were exposed to strains that we can hardly imagine today. This is especially true for the years of hardship (including the period 1740-43) when floods, avalanches, glaciers, storms, and severe winters did much damage to crops and farmsteads.

This information could hardly represent the whole truth about the condition of the population in Jostedalen. The documents mentioned had a clear objective, namely to better the pastor's economy, which also was of interest to the people in Jostedalen as it could remove some of the economic burden in hiring a pastor. The written sources indicate that the common people on the whole supported the pastor's initiatives, and two examples may illuminate this: In March 1636 the people agreed to merge the parishes of Jostedalen and Gaupne in Luster and to move the pastor to Gaupne. In 1655 the people took measures to improve the conditions of the pastor. Consequently, both the pastor and the people had an interest in painting a gloomy picture of the situation in the rural district toward the public authorities.

Besides, we may regard life in Jostedalen from a different angle. This aspect of the local society is prevalent in Pastor Mathias Foss's publication Justedalens kortelige Beskrivelse (The rightful description of the Jostedal district) which verges on an embellishment of the historic conditions. Here he praises the inhabitants in the valley as home-loving and to "have a bright head with which they can learn and understand"; it is "a cultivated and also a political people"; they keep "nice in their costume and clean in their homes"; and he also observes a strong pride in spite of their poverty. When Foss in 1759-60 designed a sjeleregister, a register including all male inhabitants in the Jostedal rural district, he discovered a number of books on the farms and widespread reading skills.

Consequently, the reality for the common man and woman in Jostedalen in the seventeenth and eighteenth centuries probably existed somewhere between the description in Justedalens kortelige Beskrivelse and the gloomy accounts in documents that were made to set off action from the part of the public authorities.

The old documents commonly display the fact that it was unpractical to merge Jostedal parish with other parishes due to distance, topography, and the climate. We have accepted this statement so far in this presentation, but we will problematize this matter toward the end. Albert Hatting, the author of the pastoral history of Bergens diocese written about 1770, was very astonished of the fact that Jostedalen formed a separate parish. He meant that the

distance to Luster could not be decisive, because, as he relates: "there are several parishes in this diocese with a longer distance and more difficult and dangerous terrain than here." In 1636 pastor Otto Ravn, the people in Jostedalen, feudal overlord Jens Bjelke, and bishop Ludvig Munthe assessed the situation and agreed upon the fact that a merger would be the best solution. When Pastor Mathias Foss desperately tried to get away from Jostedalen in the winter of 1743, he emphasized that the parish was located in such a close proximity from Gaupne so that a pastor in Gaupne could serve Jostedalen as an annex parish

To conclude, distance and a strenuous road were not the sole factors in explaining why Jostedalen remained a separate parish. We could add some other explanations that perhaps could be more significant. Through all the years from 1742 to 1792 public authorities had a strong interest in keeping the divorced pastor Mathias Foss in a sort of inner exile in Jostedalen. Their interest in doing so was both personal and political as expressed by bishop Pontoppidan in 1749. Other sources are less certain in explaining why Jostedal parish remained independent. The pastor in Luster must have had a strong interest in avoiding to lose his income from Gaupne annex parish, and he probably strongly opposed the proposal in case it was presented. It is also probable that the pastor in Luster had better channels of communication with the public authorities that the pastor in Jostedalen.

To sum up, Jostedalen remained a separate parish, the most miserable in the entire country. The local government acts in 1837 established local administrative units named municipalities that were given a certain autonomy in civil-adminitrative affairs. According to the act, parish boundaries were to form the basis for the establishment of the new municipalities, and this explains why Jostedalen in 1837–38 was established as a separate municipality.

XI

Jostedal prestegard

Av Oddmund Løkensgard Hoel

I kyrkjesoga til ei bygd vil naturleg nok kyrkjebygningen, det kyrkjelege livet og prestane stå i sentrum. Me står likevel att med eit ufullstendig bilete om me ikkje òg tek føre oss tvillinginstitusjonen til kyrkja, nemleg prestegarden. Frå éin synsvinkel var dette ein vanleg gard, med vanleg gardsdrift, husdyr og gardsfolk som på andre gardar. Møka på prestegardane lukta ikkje annleis enn møka på andre gardar, og slitet med åkerdyrking og fôrsanking var ikkje mindre her for dei som gjorde arbeidet. Hovudfunksjonen til prestegarden var då som nemnt òg den økonomiske – å vere ein del av avløningssystemet for prestane.

Samstundes stod det ein særskild glans av prestegardane i norske bygder. Dels kom dette av at dei ofte var mellom dei største gardane i bygda og gjerne låg sentralt, tett attmed hovudkyrkja, som i Jostedalen. Men vel så mykje kom det av den funksjonen prestegarden hadde ut over det å vere ein vanleg gard. Prestegarden var eit kultursentrum i bygda, det var eit administrativt sentrum der dei fleste jamleg hadde ærend, her fann ein bygningar som bygdefolket både hadde vedlikehaldsansvar for og jamvel ein viss bruksrett til, og prestegarden var til tider jamvel ei reiselivsbedrift der farande folk kunne få husrom. Me skal her kome inn på alle desse sidene av Jostedal prestegard.

Når fekk Jostedalen ein prestegard?

Me veit ikkje sikkert om Asle og dei andre prestane i Jostedalen i mellomalderen hadde ein prestegard eller berre ein prestebustad nær kyrkja. Dei fleste kyrkjer fekk tillagt prestegardar frå kristningstida på 1000-talet og framover mot reformasjonen, men det fanst unntak. I Dale i Luster fanst til dømes ingen prestegard tidleg på 1300-talet, berre ei prestestove.[46]

Mange har meint at garden Bræidrinn i jordeboka Bergens kalvskinn (ca. 1310–50) er den same som den seinare prestegarden i Jostedalen, som på 17- og 1800-talet gjekk under namnet Breum. Dersom det er tilfelle, har garden neppe vore prestegard på 1300-talet. Bræidrinn er nemnt i Bergens kalvskinn nettopp fordi jostedalspresten hadde rett på 16 laupar frå garden.[47] Då kunne ikkje Bræidrinn ha vore prestegard, for dei hadde skattefritak. Men det må strekast under at dette er usikkert. Bræidrinn kan ha vore ein heilt annan gard enn det som etter 1500 har vore Breum prestegard.

Me veit heller ikkje sikkert kva som skjedde under gjenoppbygginga etter øydetida, men me ser at Prestegarden ikkje er med på skattelista frå 1596. At ein såpass stor og sentral gard i bygda ikkje var teken i bruk att i 1596, er usannsynleg. Meir truleg er det då at Prestegarden alt hadde vorte prestegard på dette tidspunktet og ikkje stod på lista fordi prestegardar hadde fritak for dei fleste typar skattar og avgifter. Såleis har nok kongemakta gjort



Eit av dei eldste bileta av Jostedal prestegard. (rundt 1880-90) Me kjenner ikkje namna på personane.

garden til prestegard alt då nybyggjarane fekk tildelt jord i Jostedalen under gjenoppbygginga. Her baud ikkje eigedomstilhøva på problem, for kongemakta la under seg alt øydegods og stod såleis fritt til å leggje ut storgarden nærast kyrkja som prestegard.

Eigedomstilhøva kring prestegardane i landet er kompliserte og har vore emne for mykje strid, men her er det nok å slå fast at Prestegarden var statleg eigedom. Det var nok òg mest ein formalitet då garden vart matrikulert i 1726 med presteembetet som eigar.[48] På 1800-talet kom garden under Opplysningsvesenets fond, som var eigar av Prestegarden til han vart seld og kom i privat eige i 2002.

Ein storgard

Ovanfor har me jamført prestegardane i Jostedalen og hovudsoknene i Luster og på Hafslo, målt i overskot på gardsdrifta. Men kor stor var Prestegarden jamført med andre gardar i Jostedalen? Her skal me gjere nokre nedslag i andre kjelder.

I 1660-åra vart det teke opp fleire manntal over vaksne menn. Futemanntalet for Indre Sogn 1666 fortel oss kor mange drenger og husmenn bøndene på dei ulike gardane hadde.[49] På Prestegarden finn me i 1666 åtte menn (over 12 år). Bonden og presten sjølv var kyrkjebyggjar Tøger Jensen, og «Her Thøgger» er den einaste i jostedalsmanntalet som står med ein slik vyrdeleg tittel. Han hadde fire drenger og tre husmenn under seg. I Fåberg finn me tre husmenn, men òg tre bønder, og ingen drenger. I Li hadde bonden tre drenger, men ingen husmenn. På dei andre gardane finn me endå færre vaksne menn enn dette. Når det galdt tilgangen på mannsarbeidskraft, var Prestegarden såleis i særklasse største jostedalsgarden i 1666.

Bykser me 200 år fram, kan me måle Prestegarden mot andre gardar i jordbruksteljingane 1835 og 1865.[50] Her vart vinterfora husdyr og utsæden av korn og poteter tald. I 1835 er stort sett berre namnegardane og ikkje kvart bruk talde, totalt 35 einingar. Prestegarden var einaste garden med fire hestar, og her fann ein òg flest storfe (17). Garden hadde vidare 32 sauer, 30 geiter og ein gris. Reknar ein om all buskapen til den vanlege måleeininga 'kyrlag', vert Prestegarden den klart største med 35,8 kyrlag på fire hushald med i alt 24 personar (prestefamilien, paktarfamilien og to husmannsfamiliar attåt fire tenestfolk). Den neste på lista er Mjelvær med 34,3 kyrlag, men her er 10 hushald med 37 personar (mellom anna tre sjølveigarar og to husmenn) rekna saman. Deretter følgjer Åsen, Espe og Øvre Fåberg med 29–32 kyrlag og 21–28 personar.

Det same biletet får ein i 1865-teljinga der kvart bruk er talt særskilt. Prestegarden står her med tre hestar, 14 storfe, 34 sauer, 31 geiter og fire griser, som tilsvarar 32,8 kyrlag. Det gjer Prestegarden til den nest største garden i Jostedalen. Størst var Espe (35,5 kyrlag), og etter Prestegarden kjem Nedrelid (32,7) og Bakken (31,0). Berre fire andre jostedalsgardar står i teljinga oppført med tre hestar. Med ein utsæd på seks tønner bygg var Espe òg største korngarden medan Prestegarden er ein av åtte gardar som årleg sådde fire tønner bygg. Det skulle såleis ikkje vere dristig å slå fast at Prestegarden gjennom alle desse hundreåra var ein av dei aller største og beste gardane i Jostedalen.

Når det er sagt, var det òg nokre særlege problem med gardsdrifta i Prestegarden. Matthias Foss gjev eit levande vitnemål om dette i Justedalens kortelige Beskrivelse (1750). Han meinte Prestegarden var av «de farligste Jorder at beboe, som Kornet jevnlig hvert Aar bortfryser og man idelig er Fare exponeret paa den for Sneeskreer om Vinteren.»[51] Det same hadde Tøger Jensen som nemnt klaga over

100 år før. Kvart år hadde det kome snøskred inn på åkrane, men dei hadde «ei kommet saa langt, at den har naaet Husene». I kallsboka (skrive ca 1830) heiter det at av alle gardane i prestegjeldet «er denne meest udsat for Frost, dog har nu mange Aar efter hinanden været gode».[52] Her var altså små marginar, og det mildare klimaet når ein kjem noko inn på 1800-talet, gav gode utslag for Prestegarden der han låg utsett til nede i dalbotnen.

Når det gjeld storleik og eigedomstilhøve skal me framheve eitt poeng til. Dei andre gardane vart særleg utetter 1800-talet delte i fleire bruk når folkeauken sette inn og behovet for jord auka. Det kunne både skje ved at tidlegare husmannsplassar vart matrikulerte og utskilde slik at brukaren vart sjølveigar, og ved at gardar vart delte mellom søner i arveoppgjer. Prestegarden var her i ei særstode ved at slike behov for bruksdeling aldri oppstod. Her hadde ein berre prestebyte, ikkje generasjonsskifte. Ein må heilt fram til 1895 før ein finn den fyrste frådelinga, då ved at den fråflytte husmannsplassen Øvregarden vart fråskild som klokkargard. Prestaneset og den andre gamle plassen i Øvregarden vart verande husmannsplassar heilt til 1950–51. Resultatet for dei andre gardane vart ei meir intensiv utnytting av bruk som vart mindre med bruksdelinga, medan Prestegarden kunne haldast udelt.

Var presten bonde?

Presten fekk altså ein gard med på lasset når han overtok prestekallet i Jostedalen. I dette låg ikkje berre ein rett til eit økonomisk gode, men òg buplikt: I Christian 5s norske lov (1687) heitte det at «Præsterne skulle boe i deris Sogne og hos deris betroede Menigheder og i deris rette Præstegaarde».[53] Men vil det seie at presten sjølv tok seg av gardsdrifta? Presten hadde embetspliktene sine å ta seg av, så det varierte nok i alle høve kor mykje han deltok i det vanlege gardsarbeidet, som mange òg såg som simpelt for ein embetsmann.

Presten hadde grovt sett to måtar å organisere gardsdrifta på. Den eine var å drive garden sjølv ved hjelp av drenger, tenestejenter og arbeidspliktige husmenn. Den andre var ulike typar utleige av gardsdrifta til ein jordbrukar og huslyden hans som flytte til garden. Avtaleforma avgjorde om jordbrukaren skulle drive som forpaktar, lottbrukar eller rådsmann.[54] Ein paktar skulle i prinsippet betale gardleiga med ein fast pengesum medan ein lottbrukar betalte i naturalia med ein del av årsproduksjonen. Ein rådsmann var nærast som ein gardsstyrar tilsett av presten. Men i praksis vart omgrepa brukte om einannan, og dei ulike avtalene skil ikkje så klart. Også dei økonomiske vilkåra i avtalene kunne variere mykje rundt om i landet, men det var ikkje uvanleg at prest og paktar skulle dele avlinga på garden likt. Dei få paktaravtalene for Jostedal prestegard som ligg i prestearkivet, alle frå 1800-talet, spenner frå kontantbetaling til deling av avlinga halvt om halvt.

Korleis ordna så jostedalsprestane seg? Me har alt sett at Tøger Jensen i 1666 stod som gardbrukar sjølv med fire drenger og tre husmenn å hjelpe seg med. Hovudregelen på norske prestegardar fram til 1800-talet var då òg at presten dreiv garden sjølv – pakting var reine unntak. I eit stort verk om norske prestegardar heiter det at paktarar er kjende frå 1700-talet, «men bare få i antall».[55] Men så følgjer ei interessant opplysning: Av eit utval på 70 prestegardar i landet i 1762, finn ein berre éin paktar, og det var i Jostedalen.[56] Grunnane til dette må me sjå nærare på.

Kva veit ein om paktarane på Jostedal prestegard? Lars E. Øyane har i bygdeboka greidd å rekonstruere ei imponerande liste over paktarar i Prestegarden, heilt attende til kring 1730. Her er mange hol og uvisse årstal og opplysningar,

men lista tyder på at Prestegarden jamt har vore pakta frå dette tidspunktet. Kanskje kan ein då gisse at Tøger Jensen (prest 1652–1703) og Henrik Nitter (1703–1724) var dei siste prestane på lang tid som var gardbrukarar. Frå 1725 følgde som nemnt nokre ustabile år med stor gjennomtrekk i presteembetet før Matthias Foss kom, og frå hans 50 år i kallet kjenner me til såpass mange paktarar at han neppe nokon gong dreiv garden sjølv.

Opplysningane om Prestegarden i kallsboka for Jostedalen stør oppunder dette. Her kan me lese at sjølv om garden er «meget let at bruge, og derved giver Langt mere af sig end ved Bortforpagtning, har den dog – ubegribeligt nok – i Mands Minde ikke været brugt af andre Præster end Leigh, af hvem den er betydeligt forbedret.»[57] Det er Bernt Anker Leigh sjølv som har skrive dette i kallsboka, truleg i 1830. At han brukte garden sjølv i embetstida si (1828–1834), treng me såleis ikkje tvile på – meir uvisst er det kor langt attende 'manns minne' strekte seg. Øyane skriv at Ole Aabel dreiv garden då han var prest 1792–1801, men det verkar noko rart på bakgrunn av det Leigh skriv. Men etter Leigh har me iallfall ikkje opplysningar om at prestar har brukt garden sjølv.

Skal ein prøve å forklare at pakting var så vanleg i Jostedalen på ei tid då det elles var uvanleg på prestegardane, er det rimeleg å peike nettopp på gjennomtrekken i presteembetet. Når det kom prestar som fyrst og fremst ynskte å kome seg bort frå bygda att så raskt som råd, er det ikkje så rart om dei såg pakting som den greiaste løysinga på gardsdrifta. Og dei månadene og åra Jostedalen var utan prest, ofte i samband med prestebyte, måtte garden likevel drivast.

Sjølv om paktaravtalene elles i landet oftast var korte (gjerne 2–10 år) og ikkje skulle gå ut over embetstida til presten, er det òg mange døme på at paktarane sat levetida ut og at etterkomarar overtok slik at ein fekk paktarfamiliar som hadde sete på prestegarden i generasjonar.[58] I utgangspunktet skulle ein tru at den ustabile prestesituasjonen i Jostedalen la til rette for dette. Det er då noko overraskande at paktarane her jamt over berre sat nokre få år. Paktarane ser ut til å ha vore like opptekne av å kome seg bort frå Jostedal prestegard som prestane.

Det kan knapt forklarast annleis enn at avtalene med prestane må ha vore så dårlege for paktarane at dei prøvde å få seg eit anna levebrød. Nokre døme: Endre Gjerde kom til Prestegarden som paktar i 1744, men flytte alt året etter og levde eit omflakkande liv, mellom anna som husmann i Øvregarden og på Gjerde. Knut Øyen vart paktar i 1747, men drog i 1750 og var innom Bergset som leiglending og Kruna før han vart brukar på Øy i Myklemyr. Hans Vigdal og huslyden kom til Prestegarden som paktar for andre gong i 1769, men flytte alt to år etter då han fekk pakte Bjørk. Lars Leirmo var paktar frå 1788 til han rydde seg ein husmannsplass under Leirmo. Ikkje alle paktarar treng å ha flytt frå garden friviljug, særleg i samband med prestebyte då nye prestar stod fritt til å velje både om dei ville pakte garden og kven dei ville ha som paktar. Sjølv om ingen av dei nemnde paktarane forlet Prestegarden i samband med prestebyte, kunne nokre av dei òg ha vorte oppsagde av presten.

Likevel gjev paktarlista eit tydeleg bilete: Paktarane ser ut til å ha vore småkårsfolk som ikkje fekk hand om eit eige bruk, og mange av dei både kom frå og gjekk til små bruk om dei då ikkje vart husmenn. Å vere paktar i Prestegarden kan såleis ikkje ha vore særleg lukrativt. Me har ikkje funne paktaravtalar frå 1700-talet som kan seie noko om tilhøva då – den eldste me kjenner er frå 1821. Det var Rasmus H. Hellegård og Lars L. Espe som pakta garden av prost Edvard Qvale sidan det var ein periode med presteløyse. Avtala galdt

Johan Ludvig Losting, «Præstegaarden i Justedalen», blyantteikning 1846. Dette er det eldste biletet me kjenner til frå kyrkja og prestegarden. Kunstmålaren Losting frå Bergen var i Sogn i 1846 og har dagsett skissa frå Jostedalen 3. september.

i eitt år, og for paktinga skulle dei betale ein årleg leigesum på 50 spesidalar. Vidare skulle dei gjere ein del arbeid for den komande presten mot betaling: Køyring av ved, korn til kverna og dessutan selje han såkorn og frukt frå hagen. Dei hadde òg nokre plikter som galdt kost og losji. Rasmus Hellegård fekk forlenga avtala med eit år då Peder Pavels Aabel kom som prest i 1822. Avgifta vart nedsett til 30 spesidalar mot at han heldt to kyr for presten, som paktaren skulle få halve avdråtten av, og mot at han stilte hesten sin til disposisjon når presten ynskte – rett nok mot betaling.[59]

Ut frå dette skjønar ein at det både kunne gje eit betre levebrød og eit friare liv å få hand om eit langt mindre gardsbruk enn Prestegarden som sjølveigar eller jamvel ein husmannsplass. Skal ein spekulere vidare, kan ein jo lure på om paktingsavtalane i Jostedalen var spesielt dårlege for paktarane fordi presten i dette dårlege kallet var avhengig av å tyne så mykje som mogleg ut av alle inntektskjelder.

Dei siste paktarane som budde og livnærte seg i Prestegarden med familiane sine, var Lars Anderson Kreken (paktar 1909–25), Anders Larson Bakken (1925–41) og Ole Larson Kreken (1941–48). I 1948 vart det nye uthuset heim for kyrkja bygt, men det vart ikkje teke i bruk, og etter det har andre gardbrukarar leigd og drive jorda. Den nye prestegardslova frå 1955 påbaud at prestegardane skulle paktast bort, og eit kommunevald prestegardstilsyn tok no over ombodsrolla til presten når det galdt oppsyn med prestegarden. Med dette var dei siste banda mellom prestegarden og løna og arbeidsoppgåvene til presten borte. Prestegarden vart

Fam. Medhus ute i hagen: far Svein med Vesla og Magne, mor Sigrid med Halvor og Asbjørn, Kari heilt til høgre. Lensmann Fosøen er på besøk. Fam. Medhus dreiv garden i nokre år etter at den siste fastbuande paktaren, Olav Kreken, flytte i 1948.

ein rein tenestebustad for ein embetsmann på statens lønsregulativ. Men på dette tidspunktet var det alt lenge sidan ein jostedalsprest hadde tenkt på å drive prestegarden sjølv, og påbodet om pakting kom altså etter at den siste paktarfamilien hadde forlate garden.

Den siste presten i Jostedal prestegard var Jan Klausen som budde her med familie 1968–75. Hovudbygningen var seinare utleigd som heilårsbustad fram til midt i 1990-åra, deretter som sommarbustad i lite god stand. Eit nytt kapittel i soga om Prestegarden tok til då han endeleg kom i privat eige i 2002 og fekk nye folk og nytt liv i 2004.

Kultursentrum og administrativt sentrum

Fram til moderne tid var presten den fastbuande i Jostedalen som hadde mest kontakt med omverda. Gjennom embetet stod han i jamn kontakt med sine overordna – prosten i Indre Sogn og biskopen og hans folk i Bergen, og med kollegaer i andre sognebygder. Presten og huslyden hans høyrde dessutan til ein sosial fellesskap med prestar og andre embetsmenn, og dei identifiserte seg nok langt meir med standsbrør utanfor bygda enn sambygdingane.

Til dette kjem òg at presten og prestefrua var innflyttarar. Før 1814 var det ein felles dansk-norsk arbeidsmarknad for embetsmenn, og kring halvparten av prestane før 1814 ser jamvel ut til å vere fødde i Danmark. Dei fleste andre før og etter 1814 kom frå andre landsdelar i Noreg, og berre eit fåtal hadde hatt oppveksten sin i Sogn. Prestane hadde såleis familie andre stader som ein kan rekne med dei heldt noko kontakt med.

Samla vil dette seie at prestegardane i mange bygder vart den staden i bygda som fyrst fekk impulsar utanfrå og vart eit lokalt sentrum for spreiinga av desse impulsane. I offentlege arkiv har dette nedfelt seg gjennom den sentrale rolla som presten fekk i organiseringa av lokalstyringa frå midten av 1700-talet og framover. Presten var kongens mann i bygda, og han vart hovudpersonen i oppbygginga av den nye lokalforvaltninga. I 1739 og 1741 kom forordningane om at det skulle skipast allmugeskular på landet og ein skulekommisjon for kvart prestegjeld. Her skulle prest, lensmann, kapellan (om det fanst) og fire av dei «kyndigste og beste Mænd» i soknet sitje, og fram til 1889 slo lovverket fast at presten skulle vere formann. Midt på 1700-talet vart òg eit offentleg fattigstell organisert – i Bergens stift skjedde det i 1755. Også i fattigkommisjonane skulle presten vere formann. Presten skulle dessutan vere forstandarar for bygdemagasina som vart skipa som naudlager for matkorn og såkorn etter misvekstår. Som me har sett, var det presten Peder Aabel som skipa Jostedal bygdemagasin i 1823.

Bringebær i prestegarden.

Då det folkevalde lokale sjølvstyret vart innført i 1837, tok formannskapet over mange av lokalstyringsfunksjonane jamsides skulekommisjonen og fattigkommisjonen. Presteskapet si rolle i lokalforvaltninga vart understreka av at det var prestegjeldsinndelinga som låg til grunn for inndelinga i kommunar (formannskapsdistrikt). I mange bygder var då òg presten sjølvskriven som ordførar, og Jostedalen var ikkje noko unntak. Den fyrste ordføraren her var soknepresten Kjeld Andreas Bugge (1838–39), og fram til 1870-åra var prestar og framståande bønder ordførarar omlag annakvar gong før det jamt vart bønder som hadde vervet.

Også i andre typar lokale tiltak var gjerne presten førande. Eit tiltak Bugge må ha stått bak raskt etter at han kom til Jostedalen som prest i 1834, var Jostedal læseselskab. Dette var eit lag ein kunne melde seg inn i, og som kjøpte inn bøker som medlemene kunne låne, altså eit bibliotek basert på eit medlems– og betalingsprinsipp. Dette danna grunnlaget for den seinare folkeboksamlinga i Jostedalen. Då det kom i gang friviljuge organisasjonar som misjonsforeiningar og fråhaldslag, var gjerne presten eller prestfrua førande også her. Misjonsforeiningane si verksemd med utspring i Prestegarden er omtala tidlegare i boka.

Møteverksemd måtte til for å halde desse kommisjonane, styra, selskapa og andre tiltaka i gang, og Prestegarden var fast møtestad. Dette var naturleg av mange grunnar. Presten var gjerne leiar i organa som skulle møtast og hadde papir og protokollar hjå seg, prestegarden låg midt i bygda, og ein hadde her bygningar som var i offentleg eige og som lokalsamfunnet hadde ansvaret for. Av protokollane ser me at formannskapet og kommunestyret utover på 1800-talet hadde møta sine i Prestegarden også i dei periodane det ikkje var prest i bygda. Så i røynda var hovudbygningen i Prestegarden det fyrste heradshuset i Jostedalen. Det fekk avløysing då skulehuset på Bjørk stod ferdig i 1885 og etter kvart vart teke i bruk som heradshus.

Bygningane og tunet i Prestegarden

«Præstegaarden ligger ret romantisk paa en Grønning, som Elven omslynger. Den er liden, men ret peen», skreiv biskop Jacob Neumann etter visitasreisa til Jostedalen i 1823.[60] Denne romantikken er mindre framtredande i skildringane til dei fastbuande i Prestegarden.

Prestegarden «er i en slet Tilstand, for Almuen er liden», klaga Matthias Foss i 1750.[61]

Bygningane i prestegardane kunne delast inn i tre juridiske kategoriar. Den fyrste var dei husa allmugen i prestegjeldet hadde ansvaret for å halde vedlike. Dette slo truleg gjennom som ei vanleg ordning i Noreg på 14- og 1500-talet. I den norske kyrkjeordinansen frå 1607 vart ordninga lovfest, og i Christian 5s norske lov (1687) heitte det at allmugen skulle halde vedlike tre bygningar i prestegarden: «een Borgestue, et Herrekammer [hovudbygning], og een Stald».[62] Som me skal sjå, vart denne ordninga ståande ved lag heilt til det kom ei ny prestegardslov i 1897. Det kunne finnast unntak i dei områda i landet der dette ikkje var gamal sedvane. 'Allmugehusa' i Jostedalen var hovudbygningen, borgstova og kyrafjøsen, altså ikkje stallen som i lova.

Den andre hovudkategorien var dei husa som låg til presteembetet – åbotshusa som 'prest etter prest' skulle halde vedlike. 'Åbota' var den plikta ein leiglending eller innehavaren av ein embetsgard hadde til å overlate garden til etterfølgjaren i fullgod stand. Allmugehusa og åbotshusa var offentleg eigedom, og presten hadde berre bruksretten til desse husa så lenge han sat i embetet. Det fanst òg ein tredje type hus på mange prestegardar, dei private husa som presten heilt og fullt eigde sjølv. Dei vert i kjeldene gjerne omtala som 'eigedomshus'. På Jostedal prestegard fanst ingen slike.

Ved prestebyta vart det halde åbotsforretningar. Dette var synfaringar der det vart gjort opp status og fastsett ein takst for bygningar på garden. Den nye presten som kom til garden, hadde krav på å overta alle bygningar i fullgod stand. Hadde forgjengaren vore slepphendt med vedlikehaldet og late bygningar forfalle, kunne etterfølgjaren krevje åbot, som òg var nemninga på det økonomiske vederlaget for vantande vedlikehald. Eit av dei eldste dokumenta i arkivet for Jostedal soknepresteembete er ei åbotsforretning frå 1813 der ei fullstendig avskrift av åbotsforretninga ved det førre prestebytet i 1808 er innteken.[63] Her finn ein detaljerte opplysningar over dei bygningane ein fann i Prestegarden på desse tidspunkta. Før dette har me ikkje kome over opplysningar om andre hus enn hovudbygningen.

Hovudbygningen og borgstova skal me gå nærare inn på nedanfor. Det tredje allmugehuset, kyrafjøsen, får me ikkje vite stort om. Åbotshusa som prest etter prest skulle vedlikehalde, var ei kornløe som òg var høyløe, og som var 33 alen lang og 9 alen brei (ca. 9 x 5,5 meter). Vidare var det ein hestestall med loft over, to stabbur, eit sauehus, ei tørkestove, eit eldhus (utan vindauge), eit kvernhus, ein stall (bygt etter 1793) og seks høyløer (fire i 1813). På fjellstølen i Bakkedalen sto det eit tømra sel, 10 alen langt og 7 ½ alen breitt (6 x 4,5 m – tufta i dag måler 7 x 4,2 m). Steinfjøset som høyrer til stølen, er ikkje nemnt i åbotsforretningane.

Det finst i dag ingen restar etter det gamle tunet i Prestegarden. Det låg rett framfor kyrkja der ein i dag finn parkeringsplassen og bårehuset. Fyrst vart hovudbygningen riven og den nye bygt på Magasinhaugen (1905), og i 1950- og 60-åra vart resten av det historiske bygningsmiljøet i gamletunet rivne – den siste var den gamle borgstova som stod til 1973.

Skrantande vedlikehald

Orda til Foss frå 1750 om at prestegardshusa var «i en slet Tilstand», var fullt ut dekkjande også i 1808 og 1813. I båe åbotsforretningane vart det slege fast at taka på hestestallen, tørkestova og selet på fjellstølen måtte takast heilt av – i 1813 galdt det òg kornløa. Og båe dokumenta sa at det måtte byggjast nytt kvernhus sidan det gamle var «gandske forraadnet». I moderne terminologi var det altså eit monaleg vedlikehaldsetterslep i Jostedal prestegard. Presten som

kom i 1807, Andreas Cordsen, kan umogleg ha sytt for noko vidare vedlikehald. Dei som eventuelt skulle ha utført dette vedlikehaldet, var paktarane, som i paktaravtalene tok på seg ansvaret for at garden var i åbotsfri stand når dei forlet han.

Den einaste bygningen der me finn opplysningar om byggjetidspunkt, er stallen som var bygd ein gong etter 1793, så me kan gå ut ifrå at alle andre bygningar var eldre. Det kan verke som om prestane, iallfall han me har å gjere med i dette tilfellet, heller kalkulerte med å ta rekninga (åbota) når han skulle forlate embetet og prestegarden framfor å bruke midlar på vedlikehald medan han var der. Då Johan Henrik Lind slutta som prest i Jostedalen, vart åbota han måtte betale til Cordsen i 1808 på 125 riksdalar. Cordsen måtte fem år seinare ut med 236 riksdalar til etterfølgjaren sin (Holger Halling Schjødt). Det skal leggjast til at forfallet i Jostedal prestegard neppe skilde seg ut i nasjonal samanheng. På prestegardane var det jamt over eit stort problem at dei forfall og vart dårleg drivne.

I eit samfunnsperspektiv er likevel vedlikehaldet av dei tre allmugehusa det mest interessante, og dei to åbotsforretningane gjev eit interessant innblikk i korleis dette gjekk føre seg. Tid og stad for åbotsforretningane vart kunngjort på kyrkjebakken, og alle skattytande menn (gardbrukarar) i prestegjeldet skulle møte. I 1808 vart det raskt semje mellom presten og dei frammøtte frå allmugen om at klokkar Johannes Bjørk skulle ta på seg å setje i stand dei tre bygningane det galdt same sommaren og dele utgiftene «paa enhver Mand i Præstegieldet».

I 1813 var det Knut Eriksson Kjervik og Sjur Larsson Bakken som tok på seg å syte for utbetringane, halde nøye rekneskap over utgiftene og seinare syte for at summen «bliver forholdsmessigt reparteret paa Almuen». Denne gongen var det òg teke inn eit punkt i semja mellom presten og allmugen som sa at om reparasjonane ikkje var utførte innan fristen (september), kunne presten sjølv syte for å få gjort arbeidet og sende rekninga til allmugen. Både åbotsforretningane tyder på at prest og allmuge raskt vart samde, og det var ikkje behov for å ta opp detaljert takst for vedlikehaldet som måtte gjerast. For åbotshusa er taksten derimot svært detaljert, for den skulle leggje grunnlaget for ei kontantutbetaling frå den førre presten.

I vedlikehaldet av husa i prestegarden opererte altså allmugen i prestegjeldet som eit kollektiv, og dei peika ut folk som skulle ta seg av vedlikehald og utlikning av utgiftene. Her



Det gamle tunet i Jostedal prestegard. Kart over garden 1888, teikna av ingeniør Ragnvald Bødtker, som var «kartkonduktør» i den statlege Embetsgardkommisjonen 1883-1890.

har me i røynda altså ei form for kommunalt sjølvstyre med folkevalde ombodsmenn. Såleis var det heilt naturleg at vedlikehaldet av prestegardshusa kom til å falle inn under myndet til dei nye folkevalde organa formannskapet og representantskapet (kommunestyret) då dei vart oppretta med formannskapslovene i 1837. Av møtebøkene ser me då òg at den tyngste saka for den nyskipa kommunen i åra etter 1838 var oppføringa av ny hovudbygning og borgstove i Prestegarden.

Før me går nærare inn på dei, skal det berre kort nemnast at kommunestyret i februar 1851 vedtok å byggje ny fjøs i Prestegarden, og dette byggjearbeidet pregar møteboka dei neste par åra. Denne fjøsen heldt i 30 år, og i 1881 vart det igjen gjort vedtak om å byggje ny fjøs, som stod ferdig to år etter. Det som fell oss i augo no, er det auka byråkratiet kring slike offentlege byggjeprosjekt. I 1881 skulle stiftsdireksjonen i Bergen ha teikningar, det skulle lagast byggjeplanar og materiallister, det vart snakk om lånefinansiering osb. Den vart altså avløyst i 1948 av driftsbygningen som står der i dag, og då hadde bygging og vedlikehald av alle prestegardshusa heilt ut vorte eit statleg ansvar under Opplysningsvesenets fond.

Ny hovudbygning i 1840-åra

Foss opplyser i 1750 at «Præsterne have maattet holde til i en Røgstue som deres Huusvære.»[64] Det er uklart om prestestova framleis var ei røykstove i 1750, eller om dette sikta til forgjengarane hans. Men prestebustaden hadde nok iallfall vore ei tradisjonell røykstove med open eldstad, altså ei stove utan pipe, peis og omn. Når denne bygningen kan ha vore sett opp, veit me ikkje noko om, men ein kan jo spekulere i om stova vart oppsett i samband med koloniseringa av Jostedalen i siste halvdel av 1500-talet.

Hovudbygningen i åbotsforretningane 1808/1813 må ha vore den same Foss skreiv om i 1750 sidan me har ikkje opplysningar om nybygg i mellomtida. Det var ein tømmerbygning i éi høgd med to stover. I den eine var det to sengekammer og eit kjøken med spiskammer, og i den andre (austre) enden av bygningen òg eit kammer. Men om det var ei røykstove i 1750, var ho iallfall ikkje det no, for det vert opplyst at bygningen både hadde pipe, kakkelomn i den eine stova og bakaromn på kjøkenet. I delar av bygningen var det dessutan eit loft, noko ein ikkje kunne ha i ei røykstove.

Foss var ikkje den einaste presten som klaga på prestebustaden. Som me har høyrt, rap-

porterte Peder Pavels Aabel at det hadde kravt mykje å gjere Prestegarden «beboelig og skikket til at sikre os helbreden i det strenge klima» då han kom hit som prest i 1822. Jostedalen hadde då vore utan prest sidan 1820. Etter at Aabel tok med seg prestekallet i Jostedalen til Sogndal i 1823, kom nye fem år med presteløyse då det truleg ikkje budde nokon fast i hovudbygningen i Prestegarden. Dette var nok ikkje heldig for vedlikehaldet av det gamle stovehuset.

Om det var Bernt Anker Leigh (prest frå 1828) eller Kjeld Andreas Bugge (frå 1834) som gjorde opptaket til å få bygt ein ny prestebustad, er uvisst. Men i 1838 vart 30-åringen Bugge den fyrste ordføraren i Jostedalen, og ei av dei fyrste store sakene for den nye sjølvstyrte kommunen var byggjearbeida i Prestegarden. På formannskapsmøtet i juli 1839 kunne ordføraren lese opp eit brev frå Indre Sogn prosti om at «der ved Kongelig naadigst Resolution» var «bleven tilstaaet dette Præstegjelds Almue en Understøttelse af Oplysningsvæsenets Fond stor 400 Spd» til ny hovudbygning i Prestegarden.[65] Bygningen skulle vere i to høgder, ha ei grunnflate på 18 x 12 alen (85 m2), ha gangen i midten og ei stove på kvar side.

Kor vanleg var det med statlege tilskot til prestegardshus på denne tida? Dette spørsmålet fekk svar i 1846 i den nemnde utgreiinga til prestelønskommisjonen. Om prestegardane heiter det her: «At Statscassens Midler anvendes til Bebyggelsen i det Hele eller for en Deel, hører til de meget sjeldne Undtagelser (Res. for Justedalen af 6 April 1839).»[66] Når Jostedalen vert dregen fram som det einaste dømet, var det nok fordi dette låg så nær i tid, men det går òg fram kor uvanleg det var med statstilskot til prestegardshus.

Bugge fekk seg eit nytt og noko feitare prestekall (Aurland) og forlet Jostedalen alt i februar 1840, men byggjeprosessen heldt fram, no under leiing av ordførar Lars E. Faaberg. I januar 1841 vart det vedteke å gje byggjeoppdraget til Aanund Nielsen Rønnei, som vart pålagd å bruke «Bygdens egne Folk» til arbeidet. Han skulle ha bygningen under tak innan utgangen av juli same året og så mange rom ferdige til 30. september at prestefamilien kunne flytte inn då.[67] Michael Sundt Fasting var utnemnt til soknеprest i Jostedalen i juli 1840, men kom fyrst til bygda i påska 1841.[68] Kommunen hadde leigd ei stove til prestefamilien på Nedrelid i byggjetida.

Den 14. april 1841 kunne ordførar Faaberg skrive til Aanund Rønnei at den «usædvanlige milde Forvaar» gjorde det mogleg å byrje bygginga før ein hadde tenkt, så formannskapet vona «at Du vilde, jo før jo heller indfinde Dig her».[69] Og det må ha gått unna, for alt den 24. august same året kunne ordføraren rapportere til prostiet at ein hadde fått bygningen under tak og hadde byrja på innreiinga. Kommunen bad difor om at 200 spesidalar av løyvinga på 400 vart utbetalt.[70]

Den nye hovudbygningen

Aanund Rønnei trong endå eit par år på å få bygningen heilt ferdig. Men den 16. oktober 1843 kunne kommunestyret samle seg til synfaring i Prestegarden og konstatere at bygget var ferdig og arbeidet kunne godkjennast, med unntak av taket, som «blev befundet at have Mangler» som Rønnei skulle ordne før St. Hans året etter.[71] Formannskapsprotokollen har gjennom desse åra sak etter sak om byggjeprosessen, framskaffing av materialar, fordeling av pliktarbeid på bøndene og utlikning på matrikkelgardane av dei utgiftene som oversteig tilskotet. Også bøndene i formannskapet meinte tydelegvis at dette skulle vere ein stasleg bygning, for i mars 1844 vart det samrøystes vedteke at «Vinduerne og Husets Bordklædning skulde males».[72] Måla hus var reint uvanlege på denne tida.

Huset stod berre til 1905, men me veit likevel ein del om korleis det såg ut, dels frå eit par bilete av Prestegarden og kyrkja, og ikkje minst frå ei branntakstforretning i 1854.[73] Den tømra bygningen stod på ein gråsteinsmur med kjellar delt i to rom, og måla var 20 ½ x 12 ¼ alen (12,8 x 7,7 m), altså ei grunnflate på 99 rutemeter. Bygningen vart såleis eit par alen lenger enn byggjevedtaket la til grunn. Når ein gjekk inn den doble inngangsdøra, kom ein inn i ein gang («forstue») som hadde trappegang og dører til storstove, daglegstove og kjøkken. Attmed storstova (7 ½ x 7 1/8 alen = 4,7 x 4,5 m) låg eit kammers og kjøkkenet, som hadde ein gråsteinspeis og ein kokomn av jarn, og dessutan eit spiskammers. Daglegstova på hi sida av gangen var like stor som storstova, og båe stovene hadde omnar – storstova ein kakkelomn i tre høgder.

I andre høgda fann ein på den austre sida av gangen ein sal som mangla lite på å vere like stor som stovene i fyrste høgda. Elles fann ein fire mindre rom, mellom anna to kammers, og trapp til loftet som berre var eitt stort ope rom med vindauge i kvar ende. Om interiøret får me elles vite at ingen rom var måla eller lakkerte, at alle hadde tregolv («Breddegulv») og at alle rom unnateke kjøkkenet og gangane i fyrste og andre høgda var kledde under taket. Det var i alt sju omnar i huset attåt peisen i kjøkkenet.

Borgstova

Det andre bustadhuset i prestegardstunet var òg 'allmugehus', nemleg det som i 1808 vart kalla «Røg- eller Borge-stuen» og i 1813 «Bor- eller Borgestuen». Borgstova fylte fleire funksjonar. Ei 'borgestove' var ei drengestove for tenarar og arbeidsfolk på ein gard, så her har nok paktaren og familien hans budd. I tillegg hadde allmugen gjerne tilgang til denne stova, ikkje minst i samband med kyrkjevitjingane. Her kunne dei kyrkjesøkjande finne ly for veret, ete nista si og kanskje byte klede. Dette huset er seinare ofte omtala som 'bårestova' (t.d. i bygdeboka), kanskje med det seinare 'bårehuset' i tankane. Men Kåre Øvregard held fram at gamle folk uttala det med ein 'trong' o-lyd og at det såleis var 'borstova', noko som må kome av 'borgstove'. I 1800-talskjeldene våre er det då òg skriveforma 'borg(e)stue' me støyter på.

Me anar ikkje når borgstova som stod der i 1808, var bygd, men ho kan ha vore eldgamal som hovudbygningen, kanskje frå 1500-talet. Noka røykstove var det likevel ikkje lenger ved inngangen til 1800-talet sjølv om ho sikkert har vore det tidlegare. I åbotsforretninga 1813 vart det opplyst at stova hadde ein peis som trong reparasjon. Me kan gå ut ifrå at dette var ein peis med pipe, som må ha vore bygt før 1808 sidan han ikkje er nemnd som ny i 1813.

Noko av det meir oppsiktsvekkjande i soga til den nyskipa Jostedal kommune, var at ein sette i gang med bygging av ei ny borgstove samstundes med den nye hovudbygningen. Bakgrunnen kjenner me ikkje, ut over at huset må ha vore gamalt og sikkert dårleg. Men truleg har politikarane sett at tilskotet Opplysningsvesenets fond ikkje berre dekte hovudbygningen, men òg kunne finansiere ein del av borgstova.

Den 18. januar 1842 vedtok så kommunestyret kor mykje tømmer som trongst til borgstova, og det vart gjeve retningsliner og fristar for bøndene si plikt til å skaffe tømmeret, køyre det på saga og deretter til Prestegarden. Her finn me òg nærare opplysningar om borgstova. Ho skulle «have den samme Størrelse og Indretning som den Gamle, med Undtagelse af, at Loftet ogsaa skal gaa over Gangen samt at et Vindue anbringes i Brystet.»[74] Borgstova som stod fram til 1840-åra, var med andre ord temmeleg lik den nye som vart riven i 1973. Borgstova sin funksjon som 'samfunnshus' vart ytterlegare styrkt i 1892–93 då ho vart ombygd slik at ho mellom anna kunne tene som kommunelokale.



Kart over prestegardstunet, teikna av Aanun Grimnes.

Utgiftene vart utlikna på skattytarane i fleire omgangar, men den største utlikna summen var nok den på 86 spesidalar i 1843 som både galdt dei to nybygga og vedlikehald av fjøsen. Målinga av hovudbygningen året etter kosta 10 spesidalar. Så alt i alt utgjorde nok tilskotet på 400 spesidalar brorparten av finansieringa av dei to nybygga i Prestegarden.

Statleg overtaking av allmugehusa

Fram til bygginga av skulehusa tok til i 1870-åra, utgjorde fire bygningar den kommunale bygningsmassen i Jostedalen: Bygdemagasinet ved Prestegarden som vart lagd under kommunen i 1838, og dei tre allmugehusa i Prestegarden som kommunen hadde vedlikehaldsansvaret for. Til innpå 1900-talet var prestegardshusa attergangarar på saklista til formannskapet og kommunestyret, og alt av smått og stort innreiingsarbeid og vedlikehald har nedfelt seg i møtebøkene fordi kommunen måtte finansiere det. I 1848 vart det til dømes mura ein bakaromn i Prestegarden, og i november 1849 vedtok kommunestyret at «De manglende Ruder i Præstegaardenens Bygninger faar blive at isætte.»[75] Og i 1875 var det kommunestyresak (!) å kjøpe ny stige til Prestegarden. Kommunen hadde stort sett berre ein måte å finansiere all verksemda si på, og det var å utlikne utgiftene på skattytarane. I mars 1850 kan me såleis lese at ei rekning frå Hermund Sperle for nye ruter i Prestegarden i 1846 vart dekt inn gjennom å utlikne 2 skilling på kvar matrikkelgard.[76]

Ansvaret for prestegardshusa var tyngjande for kommunane, ikkje minst små og fattige som Jostedalen, og det var mange stader så som så med vedlikehaldet. Heile lønssystemet for prestane var dessutan i endring, og i 1897 kom det ei ny prestegardslov som slo fast at vedlikehalds-(åbots-)ansvaret som kommunane hadde, skulle overførast til presteembetet. Overføringa skulle skje etter at kommunen hadde sett 'sine' hus i forsvarleg stand og skulle vere gjennomført innan ti år.

Me skal særleg merke oss dette fordi det truleg var denne lova som sette i gang prosessen som førte til bygginga av ny prestebustad. Hadde kommunen sjølv styrt med dette, er det ikkje like sikkert at det hadde vorte bygt eit nytt hus til avløysing for det som stod ferdig berre drygt femti år tidlegare. Sommaren 1897 føretok kommunestyret «en nøyagtig Undersøgelse av Kommunens Præstebolig», og ein fann huset «i mange Henseende at være yderst daarlig og medtaget.»[77] Taket på nordsida var «gjennemgaaende raadent, ligesom Husets Vinduer og Bordklædning». Det går ikkje fram om synfaringa var utløyst av prestegardslova som Stortinget vedtok ein månad før, men det er ikkje urimeleg. Kommunen si løysing



Kyrkja og prestegarden, måleri av Hans Kvam, Jostedal

var i alle høve å setje i gang eit omfattande reparasjonsarbeid, og det er ingen teikn til at kommunen tenkte seg å byggje nytt på dette tidspunktet. Ein ville nok heller kome den statlege synfaringa i forkjøpet.

Våren 1899 fekk så kommunen eit rundskriv frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet, med bakgrunn i 1897-lova, om å oppnemne to representantar til ein komite som skulle på synfaring i Jostedal prestegard.[78] Synfaringa vart gjennomført 30. juni 1899, og i synsforretninga vart det påpeika «klart og tydelig» at utgiftene med å setje i stand prestegardshusa «vil blive saa store, at de umueligt kan bæres af saa svage Skatteevner som her eksisterer under Kommunen.»[79] Kommunestyret sette difor ned ein komite som skulle setje opp kor store utgiftene ville vere med å setje husa i åbotsfri stand, slik at kommunen deretter kunne søkje Stortinget om midlar til utbetringane. Totalkostnaden vart deretter rekna til å vere kr4722,77, og ordføraren fekk fullmakt til å søkje Stortinget om eit tilskot på kr5000.[80]

Ny hovudbygning 1905

Saka kom likevel til å ta ei anna vending. I 1901 utarbeidde landbruksingeniør Aanon Grimnæs ein plan for prestegardstunet der han gjekk inn for å flytte hovudbygningen til Magasinhaugen, noko kommunestyret slutta seg heilhjarta til. For prestebustaden låg dårleg til på alle måtar, meinte ein, med lite lys, «dybt nede» og «inde-

klemt mellem Kirkegaarden og Fjøset, hvorpaa usunde Vinder med Daltrækken drager sig frem for Huset og ind i Værelsene.»[81] Magasinhaugen var eit «sundere og triveligere og dertil bekvemmere Sted», og her ville prestebustaden liggje «vakker og frit», med lys og luft inn i huset frå alle kantar. Det var berre ein hake med planen til Grimnæs: «Jostedals ringe økonomiske Evne og Hjelpemidler» gjorde det umogleg å «gaa til et saadant Foretagende.» Men kommunestyret skisserte ei løysing: kommunen skulle fritakast for utgiftene til bygginga av ny prestebustad mot å ta på seg all køyring i samband med bygginga.

Dette vart òg løysinga. Departementet skjøna nok at det ikkje var mykje å hente i ei bygd der skatteevna var dårleg og kommunen «hardt trykket af Gjeld» etter å ha bygt fem skulehus og kjøpt lærarjord (Øvregarden).[82] Den 12. desember 1902 løyvde så Stortinget kr10 000 til oppføring av ny hovudbygning på Jostedal prestegard,[83] og prosjekteringa av nybygget kunne ta til.

Grunnarbeidet og murarbeidet tok til i 1903 – kontrakten på 1100 kr fekk Lars Bakken, Nils Bruheim og Anders Myklemyr. Bakken og Bruheim fekk samstundes òg kontrakten på å skaffa det nye tømmeret som trongst til bygningen. Vinteren 1904 organiserte kommunen køyrearbeidet, som var kommunen sitt ansvar. Ole Olsen Breum vart arbeidsformann for køyringa, eit dagsverk for mann og hest vart sett til kr 4 og eit dagsverk for ein mann til kr 1,60 – arbeidsdagen skulle vere åtte timar. Dei kommunale utgiftene vart så utlikna på skattytarane, noko etter matrikkelskylda og 4/5 som kommuneskatt på formue og næring. Arbeidet galdt både framkøyring av steinar til muren, tømmer og ein del materialar som kom med dampskip og måtte køyrast heilt frå fjorden.[84] Ein baserte seg altså ikkje på pliktarbeid som ved bygginga i 1841, men på ordinær løna arbeidskraft, og kommunestyrerepresentantane tok med seg lister rundt i grendene for å få oversyn over kven som var viljuge til å ta køyring eller anna arbeid. Det skulle vise seg å bli ein dryg jobb. Kommunen hadde budsjettert med 400 kr til køyrearbeidet, men det kom seg på 1700 kr. [85]

Hausten 1904 var grunn- og murarbeidet ferdig, og i januar vart bygginga av den nye prestebustaden lyst ut på anbod. Det vart byggmeister Martinus Stubhaug frå Naustdal som fekk anbodet på tømrararbeidet. Den gamle prestestova skulle takast ned og materialane brukast i den nye bygningen, så prestefamilien ville vera utan bustad ei tid. Kravet i kontrakten var at kjøken og tre rom i fyrste høgda i det nye huset skulle vere brukande til vinterbruk og klar til innflytting 1. oktober 1905. Fram til det nye huset stod ferdig, fekk prestefamilien etter ynske frå soknepresten Ragnvald Knudsen sjølv bu i skulehuset i Sperla.

Som nemnt var den nye tunplanen utarbeidd av landbruksingeniør Grimnæs, og han var òg den sentrale fagpersonen i utforminga av dokumenta i byggjesaka – arbeidsskildringar, anbodsgrunnlag og kontraktar. I tillegg til ny hovudbygning vart det på same tid òg gjort ein del arbeid på dei andre husa. Planen til Grimnæs vart i noko revidert utgåve følgt. Attåt hovudbygningen vart ei løe bygd og eit stabbur flytt opp til det nye tunet. Fleire bygningar i gamletunet vart òg vølte, som stabburet. Eldhuset og tørkestova vart bygde saman. Sauefjøs, løe, stall og grisehus vart flytt til det nye tunet og bygde saman. Av bygningane som paktaren disponerte i gamletunet, vart stabbur, eldhus og tørkestove vølte, og eldhuset, sauefjøsen, løa, stallen, grisehuset, doen og vognskjulet vart bygde saman under eitt tak. Det vart òg lagt ny vassleidning. Budsjettet heldt ikkje heilt: Overskridinga på kr 1700 måtte dekkjast med eit lån på soknepresteembetet, godkjent av Stortinget i 1907.[86]

Glasa til det nye presthuset vart kjøpte frå Berstads Jernhandel i Bergen. Denne handelen kosta kr 37,51, inkludert frakt til Marifjøra for kr 2. Ei mengd kvitteringar og mange dokument frå byggjesaka vart tekne vare på og ligg i dag i arkivet til Jostedal soknepresteembete i Statsarkivet i Bergen.

J. Lp. Jr. 130/05

J. Berstad

BERSTAD

JERNHANDEL

BERGEN d. 3 August 1905

for Herr Jostedalens Præstegaard

Hermed har jeg den Fornøielse at sende Dem Faktura over de i dette af 31.7. bestilte Varer for hvis Beløb Deres Conto er debiteret med Kr 37.51 Jr 3 mdr

Imødesende fremtidige Ordres anbefaler jeg mig

med megen Agtelse ærbødigst

for J. Berstad

Jacob Berstad

DEBET

Assurance bevirges kun efter Ordre, Enhver Reclamation maa fremkomme strax efter Varernes Modtagelse.
Efter Forfaldstid regnes 5 Procent p. a.

	Ansendt for Deres Regning og Risiko med Gudvg			Kr ire
1	kas glas	16" x 16"		14 00
25	pc do	10" x 12"	15	3 75
2	pg Draadstift	3"	65	1 30
4	" do	2½"	50	2 00
1	td Steenkalk			4 50
10	liter Malerolie			5 00
12	kg Zevet Kridt		8	0 96
2	kg Jinkhvidt		60	1 20
2	kg Okor		25	0 50
2	kg Mørmie		40	0 80
1	[illegible]			0 50
	Fragt ikke Mørifarve			2 00
			Kr	37 51
				Fr 0

Glasset vi Sagunduerne maa de paa Skaaer Deunde, jeg ankage at Skaaren paa de sendte mod vil paare vagenende. B glasset er hvitet paa glasaderne, da der vil paa [illegible] at Skaaren der kan en glasmagt [illegible] om 8 a 14 dage vil de [illegible] paa alt.

Presteembetet kunne altså overta ein splitter ny hovudbygning som staten sjølv i all hovudsak hadde kosta. Dei neste åra vart det òg gjennomført synsforretningar og noko vedlikehaldsarbeid i samband med den statlege overtakinga av borgstova og fjøsen, og hausten 1907, noko etter tiårsfristen som var sett i 1897, vart kommunen kvitt åbotsansvaret for prestegardsbygningane mot å yte eit årleg vedlikehaldstilskot. Dette skjedde altså på same tida som kommunen vart eigar av ein annan bygning, nemleg kyrkja. Med tanke på kommunebudsjettet kan ein vel seie at det var eit godt byte.

Anbud.

Hovedbygningen paa Jostedalens prestegaard (tømmersbygn.) skal ivaar nedtages og ombygges til 1½ etage paa ny tomt, ligesom endel arbeider ved udhusene skal udføres. Grundmurene er færdige. Nye træmaterialer leveres dels fra gaardens skov, dels indkjøbt. Anbud paa udførelsen af arbeid t. omfattende enten **det hele** med hovedbygningen i fuldt færdig skifertækket, indredet og malet stand eller **dele** deraf, med eller **uden** tillæg af materialer, m. frages **til 20 februar** af **sognepræsten**, hvi hvem tegninger, anbudsbetingelser osv. ligger til eftersyn. Kopi af tegninger osv. kan ogsaa faaes udlaant. Kontrakt efter det eller de anbud, der bliver antaget er fra prestens side bindende kun med kirkedepartementets approbation.

Jostedalens prestegaard 20 jan. 1905.

Ragnvald Knudsen.

Husmannsplassar og enkjesete

Prestegarden var ein del av lønssystemet til prestane, og ein hadde ei tilsvarande 'enkjepensjonsordning' ifall presten skulle falle ifrå. Då måtte enkjene forlate prestegarden når den nye presten kom. Det var jo ikkje alltid at presteenkjene kunne gifte seg med etterfølgjaren slik kyrkjebyggjar Tøger Jensen hadde gjort då han kring 1660 gifte seg med Ales Christensdatter, enkja etter sokneprest Otto Ravn.

Kongen (staten) ordna det difor slik at presteenkjene skulle ha rett på eit bruk i prestegjeldet der ho kunne sitje livet ut. I Jostedalen var ein del åkrar og slåttemark utlagd som enkjesete i 1720-åra, og frå 1737 vart noko av dette ein del av den eldste husmannsplassen på Øvregarden. Men det kom aldri til å bli bruk for noko enkjesete i Jostedalen. Prestane kom seg bort frå dalen i god tid før dei døydde, med eitt unntak, og det var Matthias Foss som gjekk bort i 1792. Men kona hans Marie Dreier, som han jamvel var skilt frå, døydde alt i 1777. Ordninga med enkjesete vart elles avskaffa midt på 1800-talet og erstatta av ei geistleg enkjepensjonsordning.

Prestegardane, som andre storgardar, var gjerne godt utstyrte med husmannsplassar. Husmennene var ei inntektskjelde både gjennom det dei etter kontrakten skulle yte av naturalia og ikkje minst gjennom pliktarbeidet dei gjerne òg var pålagde å utføre. Som nemnt finn me alt i 1666 tre husmenn på Jostedal prestegard. Det er ikkje visst om dei var husmenn med eller utan jord.

På det meste var det fire umatrikulerte husmannsplassar under Prestegarden – to på Nesvoll og to i Øvregarden. Det heiter i bygdeboka at eldste plassen på Øvregarden vart rydda i 1720-åra. Om det stemmer, må altså dei tre husmennene i 1666 ha halde til ein annan stad. Det kan dei godt ha gjort, for ein husmann på den tida kunne likegodt vere ein gardsarbeidar utan jord og utan eige hus. Den fyrste husmannsplassen på Prestaneset skal – framleis etter bygdeboka – vere rydda kring 1795, den andre plassen i Øvregarden kring 1837 og den fjerde og siste husmannsplassen på Prestaneset kring 1920. I folketeljinga 1801 finn me to husmenn i Prestegarden, Jacob og Giertrue Findsen med fire born i Øvregarden, og den jordlause husmannen, urmakaren og smeden Ole Erichsen og kona Ambjør. Kor dei budde, veit me ikkje. Øyane har i bygdeboka plassert dei på Prestaneset, men er usikker. I 1825 var det framleis berre ein husmann med og ein utan jord i Prestegarden.

Anbodsutlysinga på den nye hovudbygningen i Prestegarden stod i avisene i januar 1905.

Stovehuset på Øvregarden vart sett opp i 1898 då Anders Hjellum flytte hit som kyrkjesongar og lærar.

Husmannsplassane i Prestegarden vart seigliva. Stortinget slo fast i 1928 at husmannsplassane skulle matrikulerast og seljast som sjølveigde bruk, men det skulle gå eit kvart hundreår før det skjedde i Jostedalen. Dei to husmannsplassane på Prestaneset vart slegne saman til eitt bruk, Nesvoll, som i 1950 vart frådelt og selt til brukaren Henrik Nesvoll som var oppvaksen der. Året etter vart den yngste plassen i Øvregarden frådelt og selt til Ola P. Øvregard og kona Kari f. Kreken som hadde overteke plassen i 1908. Ola hadde overteke plassen etter besteforeldra sine, Ole Hansen og Kari f. Bakken som hadde husmannsplassen frå 1860 til 1908. Med dette var husmannstida endeleg over i Prestegarden – og i Jostedalen.

Husmannsstova rasert av fonnvind

Av Kåre Øvregard

Den eldste husmannplassen på Øvregarden – plass nr.1 - har ei anna soge. Som nemnt vart denne plassen rydda og busett alt i 1720-åra. Det var Jacob Arneson Fåberg som saman med kona Eli Simonsdotter frå Lunden i Gaupne fyrst rydda og bygde på denne buplassen.

Husa på denne husmannsplassen var plasserte ut mot Berget – om lag 150 meter lenger sør-vest enn dei husa me kjenner frå Øvregarden i dag. Stova stod høgt og fritt oppe på eit svaberg med utsyn sørover dalen mot kyrkja og prestegarden. Løa var plassert meir i livd nedanfor det vesle hamrelaget. Murane etter denne stova er godt synlege også i dag.

17. mai 1952 i vakre prestegarden.

Etter Eli og Jacob var det ei utruleg mengd ulike brukarar som i stuttare eller lengre tid budde og livnærte seg på denne plassen fram til 1890-åra. Dei siste som budde i denne stova var enkja Anna Øvregard og dotter hennar som heitte Lina. Dei budde der fram til fonnvinden frå Storeskreda øydela stova i 1894.

Det blir fortalt at vinteren 1893–94 var svært snørik. Etter ein langvarig uvêrsperiode losna ei kjempestor tørrsnøfonn heilt oppe mot høgste fjellbrynet i Storeskre-flåi. Tørrsnøfonna rasa i stor fart nedetter fjellsidene og løyste ut ein forferdeleg kraftig fonnvind. Fonnvinden la skogen flat der han rasa fram – over Skredhaugen og Berget og rett mot stova der Lina budde.

Inne i den vesle stova utmed Berget på Øvregarden sat den 18-19 år gamle Lina åleine. Mora var truleg ute eit ærend. Vinden var så sterk at heile stova vart letta opp – feia av murane og gjekk kast i kast nedover hamrelaga og bakkane i retning mot ein stad som heiter Lina-hola. Der fann dei att både stova og ho Lina.

Ola P. Øvregard, fødd 18. des. 1885, var om lag åtte år då dette hende. Han hugsa godt denne leie hendinga, og snakka ofte om det.

På folkemunne blir det framleis fortalt at Lina omkom i ulukka.

Bygdebokforfattar Lars Øyane trur derimot at han har funne prov på at Anna Øvregard etter denne hendinga reiste til Amerika. Då hadde ho ei dotter med seg som vart kalla for Olina. Han meiner dette må vera den same «Lina» som vart teken av fonnvinden, men som på ein uforklårleg måte har overlevd ulukka.

Det er ikkje godt å dokumentera den eine eller andre varianten av denne soga. Sikkert er det i alle fall at fonnvinden tok stova og at denne plassen låg øyde nokre år fram til 1897–1998.

Husmannsplassen blir klokkargard

Skulelova av 1860 påla alle kommunar å ha minst ein bustad med litt jordveg til bruk for lærar/klokkar i bygda. Dette var for å skøyta på inntekta til desse tenestemennene – og såleis vera eit «lokkemiddel» for å få best mogeleg kvalifiserte lærarar i alle bygder.

Jostedal kommune kasta augo sine på den delvis nedlagde og fråflytte husmannsplassen på Øvregarden. Etter ei tid med «harde» forhandlingar mellom kommunen og staten, vart plassen innkjøpt til klokkargard i Jostedalen. Det skjedde i 1896/97.

Det var bygt ei ny stove på plassen etter snøskreda i 1894. Dette var truleg eit svært enkelt og provisorisk stovehus, og var lite eigna til framtidig bustad. Kommunen bestemde seg difor for å byggja nye hus på klokkargarden. Klok av skade var husa flytta litt nordvest – heilt inn til grensa og bustadhusa på den andre husmannsplassen, Øvregard plass nr. 2, like ved Øvregards-fossen i Sagarøyelva.

Hausten 1898 stod husa ferdig oppbygde, og kyrkjesongar Anders Hjellum frå Aurland fekk flytta inn i nytt og moderne bustadhus. Klokkarposten i Jostedalen var lagt til lærarposten i Kreken skulekrins. Frå Anders Hjellum si tid i Jostedalen og fram til at Hallvard Hesjevoll slutta som klokkar og lærar i Kreken skulekrins i 1965, var denne klokkargarden som regel buplass for alle som hadde klokkarposten i Jostedalen.

Både stovehuset og uthuset var små og enkle bygningar, men dei vart haldne godt ved like. Med berre nokre små utbetringar – mellom anna nytt takverk på stova og uthuset – står husa om lag like traust og trygt som då dei vart sette opp for 112 år sidan.

Då det i 1950-åra vart vedteke nye løns- og arbeidsvilkår for lærarar og klokkarar, starta diskusjonen om Jostedal kommune skulle selja klokkargarden. Etter ein del drøftingar kom Jostedal kommunestyre til at dei ynskte å selja klokkargarden, og denne jordvegen vart i 1963 selt som tilleggsjord til det andre bruket på Øvregarden. Klokkar Hallvard Hesjevoll var såleis den siste klokkaren som budde på klokkargarden i Jostedalen. Då han i 1965 gjekk av som lærar og klokkar, flytte han til eigen bustad på Hesjevoll.

Brukarane av Klokkargarden i Jostedalen har vore fylgjande:

1. Klokkar og lærar Anders Hjellum – budde der frå 1898 til 1919.
2. Gardbrukar Knut Mosevoll leigde garden frå 1919 til 1924.
3. Klokkar og gardbrukar Ove Wangensten Haug budde der frå 1924 til 1939.
   Ove Haug var tilsett som klokkar og lærar i Kreken krins frå 1919. Då var han var ung og ugift, og han ynskte ikkje å driva gardsbruket. Men då han gifte seg med Ingeborg Austin i 1924, flytte dei til klokkargarden og budde der til dei i 1939 flytte til Nordberg i Skjåk.
4. Lærar Hallvard Hesjevoll vart tilsett som klokkar og lærar i Kreken krins i 1939, og han flytte då til klokkargarden og budde der som nemnt til i 1965.

Jostedal parsonage

The parsonage is a central element in the history of an incumbency. When a pastor acquired the ecclesiastical office, the position usually included the right of use to a farm property and the revenue from this real estate was an important part of the income attached to the office. It is uncertain to what extent a parsonage was located in Jostedalen in the Middle Ages, and it is also uncertain where it might possible have been located and whether it had a name. It is probable that the present parsonage in Jostedalen, in earlier times referred to as Breum, was established as a parsonage some time during the sixteenth century. The entire valley was deserted following the Black Death, and the establishment of the parsonage coincided with the re-colonization of the valley following this period.

In proportion to other farm properties in Jostedalen the parsonage was the largest, or ranked among the larger farms in the area. Besides, the farm suffered from "the little Ice Age" during the seventeenth and eighteenth centuries. Snow and snowdrifts caused problems, and the grain fields were exposed to frost and crop failures. This was one of the reasons why the pastor in Jostedalen was completely dependent upon receiving grain from other districts. Since the early eighteenth century at the latest Jostedal parsonage has been leased out in longer periods, which was unusually early seen in relation to national standards. The parsonage may not have been attractive because of a large turnover of leaseholders. As compared to other districts, the parsonage was a cultural and administrative center in the district, and the pastor's dwelling house in reality was the first municipality house in Jostedalen. Following the law of 1837 that introduced local autonomy in civil-administrative affairs the pastor also had the position of mayor. The pastor also had the responsibility of the maintenance of most buildings at the parsonage, but the people in Jostedalen (the municipality from 1838 and later) were responsible for maintaining the main dwelling, the borgstove (the house dwelling used by the leaseholder), and the cow barn. A new main dwelling was built in the fall of 1841 as the result of a grant given by the Opplysningsvesenets fond (a Norwegian state-owned institution that administers state church property according to the law), which was unusual. A new dwelling house that received replaced the former in 1905 also was built due to subvention.

The farmyard of the parsonage then was moved from the area in front of the church to the Magasinhaugen, a hill near the church, where it is located today. All buildings on the former site were later levelled to the ground. The leaseholder and his family resided in the borgstove, but the building also was open to common people that went to church, and from the late nineteenth century local municipality board meetings also were held there. The three buildings used for municipal purposes were transferred to the state (by way of the incumbency) in the fall of 1907, and the municipality got rid of a heavy burden. Four cotters' places of which the oldest was cleared in the 1720s were located on land that belonged to the parsonage. Two cotters' places were located at Øvregard and two were located at Prestaneset. In 1898 the municipality purchased one of the cotters' places at Øvregard, and the property was established as an independent unit and designated for the parish clerk. The two crofts at Prestaneset merged and were sold as an independent unit in 1950, whereas the last cotters' place at Øvregard was sold as an independent unit the following year.

notar kap. x & xi

1 RA, Danske Kanselli, Norske innlegg, pk. januar–juni 1743, 24. mai 1743, brev 16.4.1743 frå Jonas Lym til Danske Kanselli; digital utgåve www.historielaget.jostedal.no/?page_id=1130.
2 Det følgjande kviler tungt på Sandvik 1965, særleg s. 116ff.
3 Ibid., s. 127.
4 Ibid., s. 264ff.
5 Imsen og Winge 1999, digital utgåve http://lokalhistoriewiki.no.
6 Den geistlege lønskommisjonen 1846.
7 Boeck 1870, s. 414–418.
8 Johannessen 2000, s. 161–162, digital utgåve www.historielaget.jostedal.no/?page_id=117.
9 Munch 1843, s. 39, digital utgåve www.historielaget.jostedal.no/?page_id=116.
10 UBB–DS, brev frå Tøger Jensen 9.8.1664, digital utgåve www.historielaget.jostedal.no/?page_id=797.
11 DA, brev frå Jens Juel 6.9.1632, i Kyrkjestolar for Luster prestegjeld 1631–1689, digital utgåve http://da2.uib.no/cgi-win/WebBok.exe?slag=lesside&bokid=ksluster&sideid=2&storleik=100.
12 Lampe 1895, bd. 2, s. 1, digital utgåve http://da2.uib.no/cgi-win/WebBok.exe?slag=lesside&bokid=lampe&sideid=466&storleik=.
13 SAB, Bjørgvin biskop, brev 1 (1575–1670), òg prenta i Frimann 1777, s. 207–209, digital utgåve www.historielaget.jostedal.no/?page_id=199.
14 Tranberg 2003.
15 Foss 1802, s. 10–13, gjev att heile brevet, digital utgåve www.historielaget.jostedal.no/?page_id=350.
16 Øyane 1994, s. 326.
17 UBB–DS, brev frå Jens Bjelke 28.10.1636, digital utgåve www.historielaget.jostedal.no/?page_id=805.
18 Riksarkivet har på førespurnad ikkje greidd å finne dokument som kan kaste lys over prestegjeldsinndelinga i Luster mars–oktober 1636 (e-post frå førstearkivar Tor Weidling 5.3.2010).
19 UBB–DS, brev frå Tøger Jensen, 9.8.1664, digital utgåve www.historielaget.jostedal.no/?page_id=797.
20 UBB–DS, brev frå Ove Bjelke 3.5.1653, digital utgåve www.historielaget.jostedal.no/?page_id=805.
21 UBB–DS, bøneskriv frå allmugen i Jostedalen, 29.5.1655, digital utgåve www.historielaget.jostedal.no/?page_id=691.
22 Weidling 2000, s. 111, Mykland 1977, s. 133, Sønstevold 1934, digital utgåve http://digitalarkivet.uib.no/1660reg/titusb.htm.
23 Weidling 2000, s. 28–31 og 270.
24 Stiftsamtmannens kopibok, her etter Nitter m.fl. 1971, s. 16.
25 RA, Danske Kanselli, Norske innlegg, pk. januar–juni 1743, 24. mai 1743, brev 26.2.1743 frå Matthias Foss til Jonas Lym; digital utgåve www.historielaget.jostedal.no/?page_id=1130.
26 Foss 1802, s. 39, jf. Espe 2002, s. 40–43, og Lunden 2002, s. 272–279.
27 Saksdokumenta: RA, Danske Kanselli, Norske innlegg, pk. januar–juni 1743, 24. mai 1743, digital utgåve www.historielaget.jostedal.no/?page_id=1130. Kongebrevet 24.5.1743: SAB, Bjørgvin biskop, brev, digital utgåve www.historielaget.jostedal.no/?page_id=1062.

Generelle opplysningar særleg etter Herstad 2000.

28 Erich Pontoppidans Allerunderdanigst Beretning om Visitations Reyserne i Bergens Stift Anno 1749. Upublisert avskrift 2008 ved Oddvar Johan Jensen, som har vore så venleg å stille avskrifta til rådvelde (digital utgåve www.historielaget.jostedal.no/?page_id=200). Eit mykje sitert utdrag og referat av visitasberetninga om Jostedalen er tidlegare prenta i Daae 1864, s. 379.

29 LKK, brev frå Pontoppidan til M. Foss, 7.7.1751, avskrift innteke i Kallsbok for Jostedalen, (s. 95A), digital utgåve www.historielaget.jostedal.no/?page_id=861. Sjå dessutan Thrap 1877, s. 153–154, digital utgåve www.historielaget.jostedal.no/?page_id=21.

30 Hatting c1775, s. 111, digital utgåve www.historielaget.jostedal.no/?page_id=1080.

31 Munthe 1921, s. 14 og 17.

32 Attest frå Johan Nordahl Brun til Ole Aabel, 8.3.1800, prenta i Ibid., s. 17, digital utgåve www.historielaget.jostedal.no/?page_id=334.

33 Laberg 1948, s. 181.

34 LKK, datert 12.5.1802, avskrift innteke i Kallsbok, s. 17B–18A (kyrkjetienda) og 94A–94B (prestetienda), digital utgåve www.historielaget.jostedal.no/?page_id=861.

35 Kallsbok, s. 32B og 94B.

36 Kallsbok, s. 33B.

37 Munthe 1921, s. 85.

38 Ibid., s. 85–86.

39 Collett 1995, s. 223, digital utgåve www.nb.no/utlevering/nb/1585e9609a49b64f9fd248e59e4de4e2#&struct=DIV240.

40 Wergeland 1930, s. 175–175, digital utgåve www.historielaget.jostedal.no/?page_id=513.

41 Ibid., s. 256–259.

42 Kallsbok, s. 33B; Boeck 1870, s. 417.

43 Ibid..

44 Hatting c1775, s. 111, digital utgåve www.historielaget.jostedal.no/?page_id=1080.

45 RA, Danske Kanselli, Norske innlegg, pk. januar–juni 1743, 24. mai 1743, brev 26.2.1743 frå Matthias Foss til Jonas Lym; digital utgåve www.historielaget.jostedal.no/?page_id=1130.

46 Sandvik 1965, s. 60.

47 Munch 1843, s. 39, digital utgåve www.historielaget.jostedal.no/?page_id=116.

48 Øyane 1994, s. 324.

49 DA, Futemanntalet for Indre Sogn 1666, http://digitalarkivet.no/cgi–win/webcens.exe?slag=visbase&filnamn=ISO1666&spraak=n&metanr=1819.

50 SFFA, (databasar), 1835–teljing, http://fylkesarkiv.no; Digitalarkivet, 1865–telling for 1427 Jostedal, http://digitalarkivet.no/cgi–win/webcens.exe?slag=visbase&filnamn=f61427&spraak=n&metanr=696.

51 Foss 1802, s. 39, digital utgåve www.historielaget.jostedal.no/?page_id=190.

52 Kallsbok, s. 76A, digital utgåve www.historielaget.jostedal.no/?page_id=861.

53 Kong Christian den femtes norske lov 15de april 1687, kapittel 12, digital utgåve www.hf.uio.no/PNH/chr5web/chr5_02_12.html.

54 Horgen 1999, s. 73.

55 Ibid..

56 Ibid., s. 64, 73 og 290 (note 292). Kjelda er manntal tekne opp i samband med ekstraskatten 1762.

57 Kallsbok, s. 76A.

58 Horgen 1999, s. 76.

59 Jostedal sokneråd sitt arkiv, paktaravtale for Jostedal prestegard 1821.

60 Neumann 1824, sp. 537.

61 Foss 1802, s. 40, digital utgåve www.historielaget.jostedal.no/?page_id=190.

62 Horgen 1999, s. 157.

63 SAB–JS, Aabods–Forretning over Jystedahls Præstegaard i Indre Sogn afholdt 8de Julii 1813, digital utgåve www.historielaget.jostedal.no/?page_id=525.

64 Foss 1802, s. 40.

65 SFFA, Møtebok for Jostedal formannskap 1837–1875, møte 8.7.1839, side 3B, digital utgåve http://fylkesarkiv.no.

66 Den geistlege lønskommisjonen 1846, s. 95.

67 Møtebok 1837–1875, møte 26.1.1841, side 9B–10A.

68 Kallsbok, s. 33B.
69 SFFA, Kopibok for Jostedal formannskap, brev 14.4.1841 til Aanund N. Rønnei.
70 Kopibok, brev 24.8.1841 til Indre Sogn prosti.
71 Møtebok 1837–1875, møte 16.10.1843, side 19A–19B.
72 Møtebok 1837–1875, møte 26.3.1844, side 22A.
73 SAB, branntakstforretning 18.8.1854 over hovudbygningen på Jostedal prestegard.
74 Møtebok 1837–1875, møte 18.1.1842, side 13A.
75 Møtebok 1837–1875, møte 2.11.1849, side 52B.
76 Møtebok 1837–1875, møte 14.3.1850, side 55A.
77 Møtebok 1876–1900, møte 16.7.1897, side 156A.
78 Møtebok 1876–1900, møte 1.5.1899, side 180A.
79 Møtebok 1876–1900, møte 9.1.1900, side 180A.
80 Møtebok 1876–1900, møte 29.4.1900, side 196A.
81 Møtebok 1900–1906, møte 7.1.1901, side 8A–9A.
82 Møtebok 1900–1906, møte 3.2.1904, side 43B, fråsegn til Kyrkjedepartementet.
83 Kallsbok, s. 78A, innførsel av R. Knudsen 3.8.1903.
84 Møtebok 1900–1906, møte 4.1.1904, side 40A.
85 Møtebok 1907–1915, møte 15.10.1907, side 18A.
86 SAB–JS, dokument om byggjesaka.

Kjelder og litteratur

Arne Bjørndals samlingar, Universitetet i Bergen, Bergen.

Avisa Sogn og Fjordane (arkiv).

Bendixen, Bendix E. (Ca. 1900). Beskrivelse av Jostedalens Kirke. Upublisert manuskript. Riksarkivet.

Boeck, Thorvald. (1870). Efterretninger om geistlige Embeder i Norge. Christiania: Dybwad.

Collett, Camilla. (1995). Amtmandens Døttre. Oslo: Gyldendal.

DA = Digitalarkivet, http://digitalarkivet.no.

Den geistlege lønskommisjonen. (1846). Betænkning angaaende Forslag til en ny Lønningsmaade for geistlige Embedsmænd og Betjente, samt motiveret Udkast til Lov om Forandringer i Geistlighedens Lønning og hvad dermed staaer i Forbindelse, tilligemed en Udsigt over de nu herom gjældende Bestemmelser. Christiania.

Daae, Ludvig. (1864). Aktmessige Bidrag til den norske Kirkes Historie i det attende Aarhundre. Theologisk Tidsskrift for den evangelisk-lutherske Kirke i Norge, 7, 321-410.

Espe, Alfred. (2002). Jostedalen. Frå istid til sjølveigartid. Jostedal: Jostedal historielag.

Foreningen til norske fortidsmindersmerkers bevaring. (1878). Årsberetning for 1877. Kristiania: Werner & Co.

Foss, Mathias. (1802). Justedalens kortelige Beskrivelse. Magazin for Danmark og Norges topographiske, oekonomiske og statistiske Beskrivelse, 2 (nr. 1), 1-44.

Frimann, Christopher. (1777). Almindelig Samling af Stiftelser og Gavebreve i Kongeriget Norge. Med fornødne Oplysninger. Bergens Stad og Stift angaaende. (Bd. 2). Kjøbenhavn: Trykt hos H.C. Sander.

Hatting, Albert. (Ca 1775). Forsøg til en Præste-Historie, eller nogenlunde Efterretning om det Bergenske Clerisie fra Reformationen til værende Tiid. (Tredie Deel.) Utrykt manuskript, Nasjonalbiblioteket i Oslo.

Herstad, John. (2000). I helstatens grep. Kornmonopolet 1735-88. Oslo: Tano Aschehoug.

Hoff, Anne Marta og Geir Paulsen. (2000). Dale kyrkje i Luster, 750 år. Bergen/Luster: Nord 4 Bokverksted i samarbeid med Dale kyrkje.

Horgen, Jan E. (1999). Norske prestegarder. Folk og hus. Oslo: Landbruksforlaget.
Imsen, Steinar, og Harald Winge. (1999). Norsk historisk leksikon. Kultur og samfunn ca. 1500-ca. 1800. Oslo: Cappelen akademisk forlag.
Johannessen, Ole-Jørgen. (2000). Jordebok for Bergen bispedømme ca. 1600. Med jordebok for Hospitalet i Bergen ca. 1617-21. Oslo: Riksarkivet.
Jostedal formannskap og heradsstyre: Protokollar 1838–1963. Sogn og Fjordane Fylkesarkiv.
Jostedal kyrkje: Kyrkjestolebok 1631–1683 og 1675–1723. Statsarkivet i Bergen/Digitalarkivet.
Jostedal lærarlag: Møtebøker.
Jostedal skule- og bygdeavis (1976–2010).
Jostedal skulestyre: Møtebøker. Sogn og fjordane fylkesarkiv/Statsarkivet i Bergen.
Jostedal sokneprestembete: Kallsbok for Jostedal 1830 – i dag og ymse brev og rekneskapsoversyn. Luster kyrkjekontor.
Jostedal sokneprestembete: Protokoll for Arbeidskomiteen for Jostedalens kirkes restaurering – 1907-1910. Statsarkivet i Bergen.
Jostedal sokneprestembete: Ymse arkivtilfang. Statsarkivet i Bergen.
Jostedal soknerâd: Protokollar 1922–1967 og 1967–2009. Luster kyrkjekontor.
Kløften, Johannes. (1904). Arbeidsbeskrivelse for forandringsarbeider ved Jostedalens Kirke, Sogn (juli 1904). Statsarkivet i Bergen.
Kløften, Johannes. (1900). Forslag til restauration af Jostedalens kirke, Sogn. Statsarkivet i Bergen.
Kyrkje og heimbygd, kyrkjelydsblad for Hafslo, Jostedal og Luster.
Laberg, Jon. (1939, 1944 og 1948). Jostedal. Ei stutt utgreiding om bygdi og folket der. Tidsskrift utgjeve av Historielaget for Sogn (nr. 10, 11 og 13).
Lampe, Johan Fredrik. (1895). Bergens stifts biskoper og præster efter reformationen. Biografiske efterretninger. Kristiania: Cammermeyer.
LKK = Luster kyrkjekontor, Jostedal sokneprestembete sitt arkiv.
Lunden, Kåre. (2002). Norges landbrukshistorie. Frå svartedauden til 17. mai. 1350-1814. (Bd. 2). Oslo: Samlaget.
Munch, P. A. (1843). Registrum prædiorum et redituum ad ecclesias dioecesis Bergensis sæculo P.C. XIV.to, pertinentium, vulgo dictum "Bergens Kalvskind" (Bjørgynjar Kalfskinn). Christianiæ: Guldberg.
Munthe, C. M. (1921). Provst Peder Pavels Aabel og hustru Margrethe født Leigh. Et stykke slegtshistorie; trykt som manuskript. Kristiania.
Mykland, Knut. (1977). Norges historie. Gjennom nødsår og krig, 1648-1720. (Bd. 7). Oslo: Cappelen.
Neumann, Jacob. (1824). Bemærkninger paa en Reise i Sogn og i Søndfjord 1823. Anden Afdeling. Budstikken. Et Ugeblad af statistisk-oekonomisk og historisk Indhold, 5 (nr. 67-73), 529-584.
Nilsen, Halkild. (1949). Kirkelige og religiøse forhold i Bergens stift. Oslo: Gyldendal Norsk forlag.
Nitter, Claus W. K., Hermod Nitter, og Adolf Nitter. (1971). Nitterslekten i Norge gjennom 400 år. 1568-1968. Slektens avstamming: slektene i Sogn og Nordland. (Bd. 1). Bergen.
RA = Riksarkivet.
SAB = Statsarkivet i Bergen.
SAB-JS = Jostedal sokneprestembete sitt arkiv, Statsarkivet i Bergen.
Sandal, Per. (1986). Bygdebok for Sogndal. (Bd. 1). Sogndal: Sogndal sogelag.
Sandvik, Gudmund. (1965). Prestegard og prestelønn. Studiar kring problemet eigedomsretten til dei norske prestegardane. Oslo: Universitetsforlaget.
SFFA = Sogn og Fjordane fylkesarkiv.

Storsletten, Ola og Jiri Havran. (2008). Etter reformasjonen. 1600-tallet. Oslo: Arfo.

Straume, Jakob. (1952). Kristenliv i Bjørgvin. Bergen: A.S Lunde & Co's forlag.

Sønstevold, Valborg. (1934). Registratur over manntallene 1663-1666 og 1701 i det norske riksarkiv. Oslo: Riksarkivet.

Thrap, Daniel. (1877). Bergenske Kirkeforhold efter Pontoppidan. Luthersk Ugeskrift (2de Halvaar), 153-154.

Tranberg, Anna. (2003). Et blikk på menighetens kallsrett i Norge på 1600-tallet. I Hans P. Hosar (red.), Alt mellom himmel og jord. Religion, prest og kirke i lokalsamfunnet (s. 137-161). Oslo: Norsk lokalhistorisk institutt.

UBB-DS = Universitetsbiblioteket i Bergen, Diplomsamlingen.

UBB-MS = Universitetsbiblioteket i Bergen, Manuskriptsamlingen.

Weidling, Tor. (2000). Eneveldets menn i Norge. Sivile sentralorganer og embetsmenn 1660-1814. Oslo: Riksarkivaren.

Wergeland, Henrik. (1930). Samlede skrifter. Trykt og utrykt. (Bd. 5, del 1). Kristiania: Steen.

Øvregard, Kåre. (1996). Skulesoge for Luster kommune. Stavanger: A.S: Verbum Forlag.

Øvregard, Kåre. (2003). Leirdalen – ei perle i Luster. Askim: Østfold Trykkeri.

Øyane, Lars E. (1986). Dale 1 sokn. Gards- og ættesoge for Luster kommune. (Bd. 2). Gaupne: Luster kommune.

Øyane, Lars E. (1991). Gaupne sokn. Gards- og ættesoge for Luster kommune. (Bd. 4). Gaupne: Luster kommune.

Øyane, Lars E. (1994). Jostedal sokn. Gards- og ættesoge for Luster kommune. (Bd. 5). Gaupne: Luster kommune.

Aaraas, Margrethe Henden, Torkjell Djupedal, og Oskar Andersen. (2000). På kyrkjeferd i Sogn og Fjordane. Sogn. (Bd. 2). Førde: Selja forlag.

Me i nemnda vil også takka alle dei munnlege kjeldene som har bidrege. Utan alle dei som villig har delt kunnskapen sin med oss hadde ikkje denne boka vore mogleg!

kolofon

Jostedal sokneråd takkar følgjande lag, organisasjonar og bedrifter for støtte og sponsing til utgjeving av boka:

Krundalen bedehusforening
Luster sparebank
Luster kommune
Luster Energiverk AS
Jostedal historielag
Jostedal helselag
Jostedal statsalmenning
Jostedal bygdelag
Jostedal spel- og dansarlag
Thor Bakkens Eftf
Jostedal camping
Jostedalen breførarlag AS
Jostedal hotell AS
Brevegen AS
Breheimssenteret AS
Jostedal Industrier AS
Sogn Tavle- og Datamontering

Repro: Skald
Grafisk design: Blæst | Torill Henningsen
Trykk: Livonia, Latvia

Boka er utgitt i samarbeid med Jostedal sokneråd

© SKALD 2010
Tlf. 57 65 41 55
e-post: forlag@skald.no
www.skald.no

ISBN 978-82-7959-153-5